**AUSTRHEIM KOMMUNE**

# Innkalling
# Formannskapet

**Møtedato:** 26.11.2015
**Møtested:** Kommunehuset - Børilden
**Møtetid:** 09:00

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

## Saksliste

| Saksnr | Tittel |
|---|---|
| 158/15 | Godkjenning av innkalling og saksliste |
| 159/15 | Godkjenning av møteprotokoll |
| 160/15 | Godkjenning av møteprotokoll |
| 161/15 | Meldingar |
| 162/15 | Delegerte saker |
| 163/15 | Orienteringssak |
| 164/15 | Søknad om deling av tilleggsareal til bebygt eigedom gbnr. 156/165 frå gbnr. 156/50 på Austrheim - Dispensasjonssak |
| 165/15 | Budsjett 2016,Økonomiplan 2016 - 2020 |

Dato 19.11.2015

Per Lerøy
ordførar

Jan Olav Osen
rådmann

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 158/15 | Formannskapet | PS | 26.11.2015 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Ruth Karin Halvorsen | | 15/1072 |

## Godkjenning av innkalling og saksliste

### Framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

### Saksopplysninger:

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 159/15 | Formannskapet | PS | 26.11.2015 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Emma Hjelmtveit | | 15/1072 |

## Godkjenning av møteprotokoll

### Vedlegg:
Formannskap protokoll 10.11.2015

### Framlegg til vedtak:
Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

### Saksopplysninger:

AUSTRHEIM KOMMUNE

# Møteprotokoll
# Formannskapet

**Møtedato:** 10.11.2015
**Møtestad:** Kommunehuset - Børilden
**Møtetid:** 09:00 – 13:30

| Frammøtte medlemmer | Parti | Rolle |
|---|---|---|
| **Anne Dahle Austrheim** | **KRF** | **Varaordførar** |
| **Jan Erik Espelid** | **V** | **Medlem** |
| **Jorund Stellberg** | **H** | **Medlem** |
| **Per Lerøy** | **AP** | **Ordførar** |
| **Siri Kaland** | **AP** | **Medlem** |

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Rådmann Jan Olav Osen, assisterande rådmann Olav Mongstad, økonomisjef Olav Birger Andersen og kommunalsjef Torleiv Frotjold

Dato, 12.11.2015

Per Lerøy
ordførar

Jan Olav Osen
rådmann

# Sakliste

| Saknr | Tittel |
| --- | --- |
| 143/15 | Godkjenning av innkalling og saksliste |
| 144/15 | Budsjett 2016 |

## 143/15: Godkjenning av innkalling og saksliste

### Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### 10.11.2015 FORMANNSKAPET

Ordføraren orienterte om status i kommunestruktursaken og møte med næringsministeren og elje og energiminister.

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

**FS - 143/15 Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 144/15: Budsjett 2016

### Rådmannen sitt framlegg:

Saka vert lagt fram til orientering og drøfting.

#### 10.11.2015 FORMANNSKAPET

Fellesframlegg:
Saka vert utsett.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

**FS - 144/15 Vedtak:**

Saka vert utsett.

#### 12.11.2015 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak:
Saka vert utsett.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**<u>FS - 157/15 Vedtak:</u>**

Saka vert utsett.

---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 160/15 | Formannskapet | PS | 26.11.2015 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Emma Hjelmtveit | | 15/1072 |

## Godkjenning av møteprotokoll

**Vedlegg:**
Protokoll - Formannskapet - 12.11.2015

**Framlegg til vedtak:**
Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

**Saksopplysninger:**

**AUSTRHEIM KOMMUNE**

# Møteprotokoll
# Formannskapet

**Møtedato:** 12.11.2015
**Møtestad:** Kommunehuset - Børilden
**Møtetid:** 09:00 – 13:30

| Frammøtte medlemmer | Parti | Rolle |
|---|---|---|
| Anne Dahle Austrheim | KRF | Varaordførar |
| Jan Erik Espelid | V | Medlem |
| Jorund Stellberg | H | Medlem |
| Per Lerøy | AP | Ordførar |
| Siri Kaland | AP | Medlem |

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Rådmann Jan Olav Osen, assisterande rådmann Olav Mongstad, sakshandsamar Thomas Lindås og avdelingsleiar Asbjørn Toft

Dato, 17.11.2015

Per Lerøy
ordførar

Jan Olav Osen
rådmann

# Sakliste

| Saknr | Tittel |
| --- | --- |
| 145/15 | Godkjenning av innkalling og saksliste |
| 146/15 | Godkjenning av møteprotokoll |
| 147/15 | Godkjenning av møteprotokoll |
| 148/15 | Meldingar |
| 149/15 | Delegerte saker |
| 150/15 | Orienteringssak |
| 151/15 | Dispensasjon - Sak 15/399 - Byggesak 130/163 - Kaland - tomannsbustad |
| 152/15 | Klage på godkjent områdeplan for Nordre Fonnesvågen- Arealplanid: 2011002 |
| 153/15 | Dispensasjonssak- Søknad om deling på gbnr. 139/6 av tilleggsareal til bustadtomt gnr. 139/57- Solen |
| 154/15 | Klage på vedtak på dispensasjonsløyve til oppgradering av landbruksareal på Dyrneset - Gbnr. 156/4 m.fl. |
| 155/15 | Greenstat AS - Søknad om tilskot |
| 156/15 | Hog energi - Søknad om tilskot |
| 157/15 | Budsjett 2016 |

## 145/15: Godkjenning av innkalling og saksliste

### Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

**12.11.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

**FS - 145/15 Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 146/15: Godkjenning av møteprotokoll

### Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå møte 07.10.15 vert godkjent

**12.10.2015 FORMANNSKAPET**

Framlegg frå ordføraren:
Saka vert utsett.

Ordføraren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FS - 141/15 Vedtak:**

Saka vert utsett.

**12.11.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FS - 146/15 Vedtak:**

Møteprotokoll frå møte 07.10.15 vert godkjent med følgjande endring i sak 139/15: Setninga "Høgre

sette fram forslag om at det ikkje skulle gjevast lønstillegg i år på grunn av kommunen sitt dårlege økonomiske resultat" vert sletta.

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 147/15: Godkjenning av møteprotokoll

### Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå møte 12.10.15 vert godkjent.

**12.11.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

**FS - 147/15 Vedtak:**

Møteprotokoll frå møte 12.10.15 vert godkjent.

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 148/15: Meldingar

### Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

**12.11.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

**FS - 148/15 Vedtak:**

Meldingane vert tekne til orientering

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 149/15: Delegerte saker

### Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering

**12.11.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**FS - 149/15 Vedtak:**

Delegerte saker vert tekne til orientering

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 150/15: Orienteringssak

### Rådmannen sitt framlegg:

-Avdelingsleiar Rolf Henning Myrmel vil i møte orientere om ny avkøyring til Furuly.
-Avdelingsleiar Asbjørn Toft og sakshandsamar Thomas Lindås vil i møte orientere om plan og bygningslova.

**12.11.2015 FORMANNSKAPET**

-Avdelingsleiar Rolf Henning Myrmel orientere om ny avkøyring til Furuly.
-Sakshandsamar Thomas Lindås orienterte om plan og bygningslova.
-Ordførar Per Lerøy orienterte om møte med næringsministeren og olje og energiministeren.
-Ordføraren orienterte om møte i samferdselsutvalet

Fellesframlegg:
Orienteringane vert teke til vitande.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FS - 150/15 Vedtak:**

Orienteringane vert teke til vitande.

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 151/15: Dispensasjon - Sak 15/399 - Byggesak 130/163 - Kaland - tomannsbustad

### Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim gjev dispensasjon til oppføring av tomannsbustad som omsøkt.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jamfør § 12-4

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland, samt naboar som har kome med merknad, for klagevurdering.

**12.11.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FS - 151/15 Vedtak:**

Formannskapet i Austrheim gjev dispensasjon til oppføring av tomannsbustad som omsøkt.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jamfør § 12-4

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland, samt naboar som har kome med merknad, for klagevurdering.

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 152/15: Klage på godkjent områdeplan for Nordre Fonnesvågen- Arealplanid: 2011002

### Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen frå Bjørn Magnar Bråthen og Ronny Larsen til følgje.

Formannskapet i Austrheim stadfester vedtak om godkjenning av områdeplanen for Nordre Fonnesvågen gjort i kommunestyret den 02.10.2015 . Det vert ikkje gjeve utsett iverksetting av reguleringsvedtaket.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

**12.11.2015 FORMANNSKAPET**

Siri Kaland gjekk frå som inhabil og  Hardy Pedersen tilrådde møtelyden under handsaming av saka. Jorund Stellberg orientert om slektsforhold, men vurderte situasjonen slik at ho ikkje var inhabil. Formannskapet støtta denne vurderinga.

Framlegg frå H v/ Jorund Stellberg:

Vedtak i KS-sak 74/15 godkjennast unnteke område NÆ1 - NÆ3.
Næringsområde NÆ1-NÆ3 trekkast ut av planen og det må utarbeidast eige reguleringsplan.

Framlegget frå H v/ Jorund Stellberg fekk 1 røyst og rådmannen sitt framlegg fekk 4 røyster.

**FS - 152/15 Vedtak:**

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen frå Bjørn Magnar Bråthen og Ronny Larsen til følgje.

Formannskapet i Austrheim stadfester vedtak om godkjenning av områdeplanen for Nordre Fonnesvågen gjort i kommunestyret den 02.10.2015 . Det vert ikkje gjeve utsett iverksetting av reguleringsvedtaket.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

---

## 153/15: Dispensasjonssak- Søknad om deling på gbnr. 139/6 av tilleggsareal til bustadtomt gnr. 139/57- Solen

### Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon til omsøkt frådeling på gbnr. 139/6 av tilleggsareal til bebygt og frådelt bustadeigedom på gnr. 139, bnr. 57 på Solen:

1. Oppmålingsforretning må skje innan tre år, om ikkje fell delingsløyvet ut.

Grunngjeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 26-1.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

**12.11.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FS - 153/15 Vedtak:**

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon til omsøkt frådeling på gbnr. 139/6 av tilleggsareal til bebygt og frådelt bustadeigedom på gnr. 139, bnr. 57 på Solen:

1. Oppmålingsforretning må skje innan tre år, om ikkje fell delingsløyvet ut.

Grunngjeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 26-1.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 154/15: Klage på vedtak på dispensasjonsløyve til oppgradering av landbruksareal på Dyrneset - Gbnr. 156/4 m.fl.

### Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune opphevar formannskapsvedtak gjort den 23.09, sak 127/15 på Dyrneset og gjer nytt vedtak i saka. Grunngjevinga for vedtaket står i saksutgreiinga.
Vedtaket er heimla i forvaltingslova si § 33.

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå LNF føremålet i kommunedelplanen og dispensasjon frå plankrav for oppgradering av om lag 20 dekar jordbruksareal på planeringsfelt A og B som omsøkt på følgjande vilkår:

1.Arbeidet skal ferdigstillast innan 01.05. 2020.
2.Ved ferdigstilling skal området vera ferdig grøfta og sådd i og vera klar til maskinell innhausting.
3.Berre reine natur- og jordmassar frå Austrheim kommune kan plasserast her. Det må kunne dokumenterast at massane er reine med å ta analyser av massar som vert lagt ut.
4.Det skal vera anleggsgjerde omkring planeringsfelta og ein låsbar port inn til området som skal stengast kvar dag etter arbeidstida.
5.Avrenning frå jordmassane skal hindrast med filterduk/torv eller med voll/ fangedam o.l..
6.Dersom det kjem fram kulturminner under arbeidet må alt arbeid stoppast og Hordaland fylkeskommune varslast.
7.Dersom tiltaket skapar støy og miljøproblem for naboar eller andre interesser kan Austrheim kommune oppheva omgåande dette dispensasjonsvedtaket.
9. Det må lagast ein landskapsplan som viser korleis området skal sjå ut når arbeidet er ferdig og avtale med aktiv gardbrukar skal på plass før igangsettingsløyve vert gjeve.
10.Tiltaket må få ein etappevis ferdigstilling som vist i planeringsplan datert 02.06.2014 , slik at arealinngrepet ikkje vert eit opent sår i heile anleggsperioden. Dette må visast i igangsettingssøknaden og vurderast i byggesaka.

Grunngjevinga for vedtaket er at tiltaket er positivt for framtidig landbruksdrift i dette LNF området og at massehandtering må løysast på ein optimal måte i nærleiken av område avsett til næringsområde i kommuneplanen. Grunngjevinga er elles gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 11-6 og § 12-1.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

**12.11.2015 FORMANNSKAPET**

Framlegg frå H v/ Jorund Stellberg:
Rådmannen sitt framlegg vert godkjent med fylgjande nytt tredje siste ledd:
Grunngjevinga for vedtaket er at tiltaket er positivt for framtidig landbruksdrift i dette LNF området.

Grunngjevinga er elles gjeve i saksutgreiinga.

Rådmannen sitt framlegg med Jorund Stellberg sitt framlegg til nytt tredje siste ledd vart samrøystes vedteke.

**FS - 154/15 Vedtak:**

Austrheim kommune opphevar formannskapsvedtak gjort den 23.09, sak 127/15 på Dyrneset og gjer nytt vedtak i saka. Grunngjevinga for vedtaket står i saksutgreiinga.
Vedtaket er heimla i forvaltingslova si § 33.

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå LNF føremålet i kommunedelplanen og dispensasjon frå plankrav for oppgradering av om lag 20 dekar jordbruksareal på planeringsfelt A og B som omsøkt på følgjande vilkår:

1.Arbeidet skal ferdigstillast innan 01.05. 2020.
2.Ved ferdigstilling skal området vera ferdig grøfta og sådd i og vera klar til maskinell innhausting.
3.Berre reine natur- og jordmassar frå Austrheim kommune kan plasserast her. Det må kunne dokumenterast at massane er reine med å ta analyser av massar som vert lagt ut.
4.Det skal vera anleggsgjerde omkring planeringsfelta og ein låsbar port inn til området som skal stengast kvar dag etter arbeidstida.
5.Avrenning frå jordmassane skal hindrast med filterduk/torv eller med voll/ fangedam o.l..
6.Dersom det kjem fram kulturminner under arbeidet må alt arbeid stoppast og Hordaland fylkeskommune varslast.
7.Dersom tiltaket skapar støy og miljøproblem for naboar eller andre interesser kan Austrheim kommune oppheva omgåande dette dispensasjonsvedtaket.
9. Det må lagast ein landskapsplan som viser korleis området skal sjå ut når arbeidet er ferdig og avtale med aktiv gardbrukar skal på plass før igangsettingsløyve vert gjeve.
10.Tiltaket må få ein etappevis ferdigstilling som vist i planeringsplan datert 02.06.2014 , slik at arealinngrepet ikkje vert eit opent sår i heile anleggsperioden. Dette må visast i igangsettingssøknaden og vurderast i byggesaka.

Grunngjevinga for vedtaket er at tiltaket er positivt for framtidig landbruksdrift i dette LNF området. Grunngjevinga er elles gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 11-6 og § 12-1.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 155/15: Greenstat AS - Søknad om tilskot

## Rådmannen sitt framlegg:

**Austrheim formannskap løyver kr. 25.000,- til** eit forprosjekt som skal sjå tekniske/økonomiske detaljar for å få bygd opp hydrogenproduksjon på Mongstad.
**Kostnaden vert dekka frå post 149038011902.**

**12.11.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FS - 155/15 Vedtak:**

**Austrheim formannskap løyver kr. 25.000,- til** eit forprosjekt som skal sjå tekniske/økonomiske detaljar for å få bygd opp hydrogenproduksjon på Mongstad**.**
**Kostnaden vert dekka frå post 149038011902.**

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 156/15: Hog energi - Søknad om tilskot

### Rådmannen sitt framlegg:

**Austrheim formannskap løyver kr. 25.000,- til** eit prosjekt ved Hog Energi som går på «Klimaretta næringsutvikling på Mongstad» .
**Kostnaden vert dekka frå post 149038011902.**

**12.11.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FS - 156/15 Vedtak:**

**Austrheim formannskap løyver kr. 25.000,- til** eit prosjekt ved Hog Energi som går på «Klimaretta næringsutvikling på Mongstad» .
**Kostnaden vert dekka frå post 149038011902.**

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 157/15: Budsjett 2016

### Rådmannen sitt framlegg:

Saka vert lagt fram til orientering og drøfting.

**10.11.2015 FORMANNSKAPET**

Fellesframlegg:
Saka vert utsett.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

**FS - 144/15 Vedtak:**

Saka vert utsett.

**12.11.2015 FORMANNSKAPET**

Framlegg til vedtak:
Saka vert utsett.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**FS - 157/15 Vedtak:**

Saka vert utsett.

------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 161/15 | Formannskapet | PS | 26.11.2015 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Kristin Nesbø | | 15/1072 |

## Meldingar

## Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

## Saksopplysninger:

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 162/15 | Formannskapet | PS | 26.11.2015 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Ruth Karin Halvorsen | | 15/1072 |

## Delegerte saker

## Saker

| Saksnummer | Tittel |
|---|---|
| 138/15 | Vedtak - søknad om fritak frå feieavgift og slamtøming, samt redusert avgift for vatn, gbnr 133/35<br>**Austrheim kommune gjev forlenga fritak for avgift for gbnr 133/35 for slam og feiing, samt redusert avgift for vassavgift, grunna pågåande rettsak og ubebudd bustad. Søkjar pliktar å gje melding så snart forholdet er avklart. Dersom dette dreg ut i tid, må det søkjast på nytt i 2016..** |
| 143/15 | Løyve - igongsetjing av tiltak gbnr 130/24 garasje<br>**Det vert godkjent endring av tiltaket, omsøkte ansvarsrettar, samt gjeve igangsetjingsløyve i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-1 og 23-3 og naturmangfaldslova §§ 8-12** |
| 145/15 | Løyve gbnr 147/103 - Kvalvågen - bustad med garasje<br>**Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt oppføring av einebustad med garasje samt gjeve løyve til påkopling på offentleg leidningsnett i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-1, 23-3, 29-2, 29-4, 27-1, 27-2 og 27-4, naturmangfaldslova §§ 8-12 og veglova § 40 og 43 på følgjande vilkår:**<br><br>**1. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommuneplanen og reguleringsplanen sine føresegner.** |
| 146/15 | Gbnr 147/8 - Omadressering<br>**I medhold av matrikkellova § 21 er de tildelt fylgjande adresse til dykkar eigedom gnr 147 bnr 8**<br>**Kvalvågen 128, 5943 Austrheim**<br>**I henhold til matrikkellova § 21 er det kommunen som skal fastsetta adresser i kommunen. Me har vurdert etter gjennomgang av andre boliger i området sine bolignummer, at de får tildelt dette nummeret.** |

| | |
|---|---|
| 147/15 | Gbnr 147/55 - Omadressering<br>**I medhold av matrikkellova § 21 er de tildelt fylgjande adresse til dykkar eigedom gnr 147 bnr 55**<br>**Kvalvågen 136, 5943 Austrheim**<br>**I henhold til matrikkellova § 21 er det kommunen som skal fastsetta adresser i kommunen. Me har vurdert etter gjennomgang av andre boliger i området sine bolignummer, at de får tildelt dette nummeret.** |
| 148/15 | Gbnr 147/103 - Tildeling av adresse<br>**I medhold av matrikkellova § 21 er de tildelt fylgjande adresse til eigedom gnr 147 bnr 103**<br><br>**Kvalvågen 138, 5943 Austrheim**<br><br>**I henhold til matrikkellova § 21 er det kommunen som skal fastsetta adresser i kommunen. Me har vurdert etter gjennomgang av andre boliger i området sine bolignummer, at de får tildelt dette nummeret.** |
| 151/15 | Delingsløyve til tomtane 6, 7 og 8 på gbnr 147/100 -Toftegård<br>**Austrheim kommune gjev løyve til deling som omsøkt av tre bustadtomtar på gbnr. 147/100 på Toftegård. Grunngjevinga er at delinga er i tråd med godkjent reguleringsplan i området, planen vart godkjent den 01.04.2009.. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si §§ 20-1, 21-4 og 26-1.** |

## Framlegg til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering

## Saksopplysninger:

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 163/15 | Formannskapet | PS | 26.11.2015 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Kristin Nesbø | | 15/1072 |

## Orienteringssak

## Framlegg til vedtak:

## Saksopplysninger:

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 164/15 | Formannskapet | PS | 26.11.2015 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Asbjørn Nagell Toft | Gbnr - 156/50 | 15/925 |

**Søknad om deling av tilleggsareal til bebygt eigedom gbnr. 156/165 frå gbnr. 156/50 på Austrheim - Dispensasjonssak**

## Vedlegg:

Søknad - delingssak gbnr 156/50 - Austrheim - tilleggsareal til gbnr 156/165

## Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon til omsøkt frådeling på gbnr. 156/50 av tilleggsareal til bebygt og frådelt bustadeigedom på gnr. 156, bnr. 165 på Austrheim:

1. Oppmålingsforretning må skje innan tre år, om ikkje fell delingsløyvet ut.

Grunngjeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 26-1.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

## Saksopplysninger:

Det er søkt om deling av tilleggsareal på om lag 30-40 m2 frå bebygd eigedom gbnr. 156/50 til bebygd eigedom gbnr. 156/165 ved kaien på Austrheim. Omsøkt areal er avsett i kommuneplanen sin arealdel som eit LNF-område der spreidd bustadutbygging er tillatt. Kommuneplanen vart vedteke den 27.06. 2007. Søknaden om frådeling av tilleggsareal skal vurderast som dispensasjonssak etter plan- og bygningslova. Omsøkt areal ligg om lag 30 meter frå sjø og er omkransa av vegar og hus på alle sider. Det er parkeringplass på omsøkt areal i dag.





Oversiktsfoto over omsøkt eigesdom som ynskjer tilleggsareal.  LNF-omr. spreidd i kommuneplanen.

Grunnen til at eigarar av gbnr. 156/165 ynskjer å ha parkeringsplass til sin eigedom på eigande grunn ved den bebygde eigedommen sin. Dei bruker dette arealet som parkeringsplass i dag og har gjort det i lengre tid. Eigarar av eigedom gbnr. 156/50 har den 27.09.2015 gjeve fullmakt til eigar av eigedom gbnr. 156/165 til å gjennomføra søknadsprossessen med denne frådelinga. Nabovarsel er sendt ut på vanleg måte, det er ikkje kome inn merknad frå naboar i saka. Etter frådelinga er skjedd skal arealet samanføyast med gbnr. 156/165. Det er kommunal veg forbi omsøkt areal.  Merka skravert areal viser omsøkt frådeling.




**Vurdering:**

**<u>Vurdering etter naturmangfaldslova:</u>**

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein

har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no. Austrheim kommune finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

**Vurdering etter plan- og bygningslova:**

Rådmannen vil peike på at omsøkt frådelt stad er i kommuneplanen avsett som eit LNF-området der det er høve til å byggje bustadhus som spreidd busetnad. Ved handsaming av søknaden skal det likevel vurderast om dei omsyna som ligg bak lova blir vesentleg tilsidesett. Det er omsynet til natur- og kulturmiljø, landskap, friluftsliv og tilgjenge for ålmenta som er vurderingstema. Vidare skal det vurderast om fordelane ved å gje dispensasjonsløyve blir klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering. Nasjonale og regionale rammer og mål skal leggjast til grunn for avveging av interesser. I slike saker skal føremonene ved å gi dispensasjon etter samla vurdering vera klart større enn ulempene. Omsøkt frådelt areal er eksisterande bebygd eigedom ved kaien på Austrheim. Det vil vera positiv for eigar som bur her i dag å få meir tomteareal omkring huset sitt. Denne er på om lag 272 m2 i dag, etter frådelinga vert den såleis på om lag 0,3 dekar. Dette vil skapa ein naturleg arrondering på eigedommen som gjer at det vert lettare å halda arealet opent og fri frå kratt, men og kunne nytta som eigande parkeringsplass. Det er og lettare å etablera eigna uteareal om dette tilleggsarealet vert lagt til denne fritidtomten.  På det smalaste er tomten i dag om lag 5 meter og på det lengste sida om lag 25 meter, dette er ikkje ein hensiktsmessig bustadtomt geometrisk (rektangelform) etter rådmannen si vurdering. Ein meir firkanta (rektangel forma tomt) er det lettare å bruka og utvikla. Dette er i tråd med tomtekjøpar sitt ynskje om betre hage- og uteareal. Rådmannen synes difor at er naturleg å gjeva dispensasjon til frådeling av tilleggsareal på om lag 30-40 m2 til eigedom gnr. 156, bnr. 165 som omsøkt. Detaljkart over eigedomen gbnr. 156/165 som skal kjøpe tilleggssarealet (trekanten) vest for huset er vist under:




Det må i slike saker og vurderast kva presedensverknader eit eventuelt positivt vedtak kan få. Saka det her er tale om har ein heller liten overføringsverdi til andre saker i Austrheim kommuner, noko som kan tale for at ein kan gje dispensasjon her. I dette tilfellet, og på denne staden er det alt etablert eit eldre bustadhus med veg til, og eksisterande tomt er for smal og trang. Dette gjer at noko særleg presedensverknad har ikkje denne saka. Rådmannen synes at eit positivt vedtak her ikkje vil

føra til uheldig presedens. Å skapa meir eigna form på eksisterande fritidstomtar er positivt for alle.

Rådmannen vil peike på at dette området er avsett til arealformål *LNF-område der spreidd bustadutbygging kan tillatast. Det er gjeldane* kommuneplanen som vart vedteken i 2007 som styrer dette. Her er det mogeleg med frådeling. I føresegna i kommuneplanen for slike LNF-område (spreidd) under pkt. 8.2.2.2 står det mellom anna at: «*Ved utbygging og frådeling skal det leggjast vekt på å sikre tilstrekkelege areal til leikeområde, fellesområde, badeplassar, strandfiskeplassar, båt og naustområde, for dei som bur i grenda*.» Det står og at: *«Tilkomstvegar og stiar ned til strandarealet skal vera open for ålmenn gangtrafikk*.» I ein kommuneplanprosess som Austrheim kommune no held på med vil det og vera naturleg å vurdera dette området vidare som LNF-spreidd. Rådmannen vil peika på at det ikkje er kulturminne eller urørte naturområde som vert råka av omsøkt tiltak. Rådmannen ser ikkje at frådelinga av om lag 30-40 m2 kan føra til uheldige interesser vert råka av denne delinga. Rådmannen meiner at føremonene ved å gi dispensasjon til deling her etter samla vurdering vil vera klart større enn ulempene.

**§ 26-1. Opprettelse og endring av eiendom**

*«Opprettelse av ny grunneiendom, ny anleggseiendom eller nytt jordsameie, eller opprettelse av ny festegrunn for bortfeste som kan gjelde i mer enn 10 år, jf. lov om eigedomsregistrering, eller endring av eksisterende eiendomsgrenser, må ikke gjøres på en slik måte at det oppstår forhold som strider mot denne lov, forskrift eller plan. Opprettelse eller endring som nevnt i første punktum, må heller ikke gjøres slik at det dannes tomter som er uegnet til bebyggelse på grunn av sin størrelse, form eller plassering etter reglene i denne lov.»*

Rådmannen viser til vurderinga gjeve tidlegare i saksutgreiinga. Rådmannen meiner at frådeling av om lag 30-40 m2 tilleggsareal ved den bebygte tomten vil vera som ein fortetting av eksisterande bustadmiljø og føra til ein meir egna utnytting av denne. Dette sidan det er bustadbygg frå før her, arealet er delvis planert og det er ynskjeleg med betre form og storleik på denne tomten. Bruken vert uendra. Rådmannen meiner difor etter ein samla vurdering at føremonene ved å gi dispensasjon av omsøkt deling vil vera klart større enn ulempene og rår til omsøkt deling på vilkår.

**Konklusjon:**

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon til omsøkt frådeling på gbnr. 156/50 av tilleggsareal på om lag 30-40 m2 til bebygt og frådelt bustadeigedom på gnr. 156, bnr. 165 på Austrheim.

Austrheim kommune

Sætremarka 2
4943 Austrheim

Tlf. 56 16 20 00
Fax. 56 16 20 01
www.austrheim.kommune.no
www.nordhordlandskart.no

☒ **Søknad om tiltak; oppretting eller endring av matrikkeleining (deling). Pbl § 20-1 m.** [1]

☐ **Krav om matrikulering[2] av eining(ar) som ikkje krev handsaming etter Pbl § 20-1 m, eller oppmålingsforretning etter Ml § 33.Ml § 5, siste ledd og matrikkelforskrift §§ 43-48.**

☒ **Rekvisisjon av oppmålingsforretning. Matrikkellova § 33.**

**Journalføring/stempel:**

**Søknaden/rekvisisjonen gjeld:** [3] — **Plan- og bygingslova(Pbl.),Matrikkelova(Ml.)**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Eigedom(ar)** | Gnr: 156 | Bnr: 50 | Fnr: | Snr: |
| | Gnr: | Bnr: | Fnr: | Snr: |

**Søknad om tiltak (deling) etter, Pbl.§20-1 m og matrikulering etter Ml. §5.**

**Sakstype, Pbl. § 20-1 m:**

- ☒ **A** Ny grunneigedom
- ☐ **B** Ny festegrunn over 10 år
- ☐ **C** Arealoverføring
- ☐ **D** Nytt jordsameige
- ☐ **E** Ny anleggseigedom

**Søknad om dispensasjon jf. pbl. § 20-1 m:**

- ☒ Plan- og bygningslov
- ☒ Kommuneplan
- ☐ Reguleringsplan
- ☐ Utbyggingsplan (eldre lovverk)

**Deling i samsvar med:** ☐ Reguleringsplan ☐ Utbyggingsplan (eldre lovverk) ☐ Privat forslag ☐ Anna:

**Krav om matrikulering av einingar som ikkje krev handsaming etter Pbl. § 20-1 m, eller oppmålingsforretning etter Ml. § 33.** [4]

- ☐ Matrikulering av einingar, og rettar (festeforhold, bruksrettar o.a.) som er tildelt matrikkelnummer etter tidligare regelverk (Ml. § 5, siste ledd)
- ☐ Samanslåing (Ml. §18)
- ☐ Føring av referanse til eksisterande grense, (Ml. § 19)
- ☐ Matrikulering av eksisterande umatrikulert eining (Ml. §13)
- ☐ Registrering av uregistrert jordsameige (Ml. § 14)
- ☐ Registrering av samla eigedom (Ml. § 20)

**Rekvisisjon av oppmålingsforretning, Ml. §33.**

**Oppmålingsforretning for matrikkeleining(ar) i medhald av løyve (delingsvedtak) etter Pbl. 20-1 m:**

☒ **Grunneigedom** ☐ **Anleggseigedom** ☐ **Jordsameige** ☐ **Festegrunn** ☐ **Arealoverføring**

**Må fyllast ut dersom alternativ B eller C er ønskt:**

| | | |
|---|---|---|
| A) ☒ Ønskjer gjennomført utan ugrunna opphald (frist 16 veker etter pbl.-vedtak, § 20-1 m + eventuell vinterforskrift, Ml. § 18,3) | B) ☐ Ønskjer å utsette oppmåling og matrikulering. Skal sjølv gje tilbakemelding når det er ønskjeleg å få utført arbeidet. (Etter 3 år frå godkjenning fell gjeve løyve etter pbl. bort.) | C) ☐ Ønskjer av **særlege årsaker** å **gjennomføre matrikulering** men **utsett fullføring av oppmålingsforretninga** i medhald av matrikkellova § 6. (Kommunen fastset frist for fullføring, ikkje lenger enn 3 år) |

**For alt C); oppgje særlege grunnar (eventuelt i eige vedlegg):**

**Oppmålingsforretning for matrikkeleining(ar) som ikkje krev løyve (delingsvedtak) etter pbl. 20-1 m:**

- ☐ Oppmålingsforretning over eksisterande matrikkeleining (Ml. § 33)
- ☐ Klårlegging av eksisterande grenser (Ml. § 33)
- ☐ Grensejustering (Ml. § 16)
- ☐ Uteareal til eigarseksjon (jf. eigarseksjonslova § 7 og matrikkelforskrifta § 35)

| Spesifikasjon av parsell(ar) som vert søkt oppretta som matrikkeleining(ar): | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Parsell nr.** | **Areal ca. m²** | **Arealtype før deling** | **Eventuelt journal nr** | **Eventuelt namn og adresse på kjøpar/festar** |
| 1 | 30-40 | LNF spredt | | Terje Arnfinn og Marit Fresvik |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |

**Opplysingar om omsøkt tiltak; bruk, tilkomst, vassforsyning og avlaup:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Parsellen/ane skal nyttast til** [5] | ☐ Sjølvstendig brukseining | ☒ Tilleggsareal til | GNR: 156 BNR:165 FNR: SNR: |
| | ☐ Bustadhus | ☐ Offentleg verksemd | ☐ Offentleg friluftsområde |
| | ☐ Fritidshus | ☐ Landbruk/Fiske | ☐ Offentleg veg |
| | ☐ Industri/Bergverk | ☐ Naturvern | ☐ Kommunikasjonsareal / teknisk anlegg |
| | ☐ Varehandel/bank/forsikring/hotell/restaurant/anna: | | |
| **Tilkomst** Pbl. § 27-4 Veglov §§ 40-43 | ☐ Riks-/fylkesveg | ☒ Kommunal veg | ☐ Privat veg |
| | ☐ Ny avkjørsel frå offentleg veg | ☐ Utvida bruk av eksisterande avkjørsel | |
| | ☐ Avkjørselsløyve gjeve (vedlagt) | ☐ Søknad om avkjørselløyve (vedlagt) | ☐ Tilkomst sikra i følgje vedlagt dokument |
| **Vass-forsyning** Pbl. § 27-1 og -3 | ☐ Offentleg vassverk | ☐ Privat fellesvassverk. Tilknytingløyve lagt ved | |
| | ☐ Anna: | | |
| **Avlaup** Pbl. § 27-2 og -3 | ☐ Offentleg avlaupsanlegg | ☐ Privat enkeltanlegg | Beskriv: |
| | ☐ Privat fellesanlegg | | |
| | ☐ Utsleppsløyve gjeve (vedlagt) | ☐ Søknad om utsleppsløyve (vedlagt) | ☐ Avlaup sikra ifølge |

**Vedlegg** [6]

| | **Nr. frå - til** | **Ikkje relevant** |
|---|---|---|
| Partsliste/naboliste (alternativt kan nyttast s 4 eller kvitteringsskjema for rekommandert sending) | | ☐ |
| Kart og situasjonsplanar | | ☐ |
| Avtale om veg/tilkomst, inkl. kart | | ☐ |
| Private servituttar | | ☐ |
| Uttale/samtykke frå andre offentlege myndigheiter | | ☐ |
| Andre avtalar, dokumentasjon | | ☐ |
| Andre vedlegg | | ☐ |
| | | ☐ |

| Andre opplysingar og underskrift(er): | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Andre opplysingar** (f.eks. rettshavarar av betyding) | Rettshavarar | | | |
| **Heimelshavar (ar)** | Namn: Karstein Olav Hopland | | | Tlf: |
| | Adresse: Solåsen 15 | Postnr: 5223 | Stad: Nesttun | |
| | E-post: | | | |
| **Underskrift** | Stad: | Dato: | Underskrift: | |
| **Heimelshavar(ar)** | Namn: Terje Arnfinn Fresvik | | | Tlf: 47944814 |
| | Adresse: Heimliåsen 1 | Postnr: 5300 | Stad: Kleppestø | |
| | E-post: terje.arfinn@hotmail.com | | | |
| **Underskrift** | Stad: | Dato: | Underskrift: Terje Fresvik | |

**Kan nyttast til utfyllande merknader:**

Det søkes om fradeling av tilleggsparsell frå gnr 156 bnr 50 til gnr 156 bnr 165. Etter frådeling skal den nye parsellen samanføyas med gnr 156 bnr 165.

Terje Arnfinn Fresvik har fullmakt til å stå for heile søknadsprosessen ved denne frådelinga. Han skal også ta alle kostnader med søknaden, disposisjonen, frådelinga og tinglysinga.

**Partsliste** **(naboar, bruksretts- og servituttshavarar, og andre som er varsla)**
**Trengst ikkje fyllast ut dersom partsliste følgjer som eige vedlegg, alternativt kan kvitteringsskjema for rekommandert postsending nyttast.**

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Namn: | | Adresse: | Namn: | | Adresse: |
| Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr): | | Partsstilling: | Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr): | | Partsstilling: |
| Stad: | Dato: | Underskrift: | Stad: | Dato: | Underskrift: |
| Namn: | | Adresse: | Namn: | | Adresse: |
| Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr): | | Partsstilling: | Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr): | | Partsstilling: |
| Stad: | Dato: | Underskrift: | Stad: | Dato: | Underskrift: |
| Namn: | | Adresse: | Namn: | | Adresse: |
| Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr): | | Partsstilling: | Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr): | | Partsstilling: |
| Stad: | Dato: | Underskrift: | Stad: | Dato: | Underskrift: |
| Namn: | | Adresse: | Namn: | | Adresse: |
| Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr): | | Partsstilling: | Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr): | | Partsstilling: |
| Stad: | Dato: | Underskrift: | Stad: | Dato: | Underskrift: |
| Namn: | | Adresse: | Namn: | | Adresse: |
| Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr): | | Partsstilling: | Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr): | | Partsstilling: |
| Stad: | Dato: | Underskrift: | Stad: | Dato: | Underskrift: |
| Namn: | | Adresse: | Namn: | | Adresse: |
| Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr): | | Partsstilling: | Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr): | | Partsstilling: |
| Stad: | Dato: | Underskrift: | Stad: | Dato: | Underskrift: |
| Namn: | | Adresse: | Namn: | | Adresse: |

| Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr): | | Partsstilling: | | Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr): | | Partsstilling: | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Stad: | Dato: | | Underskrift: | Stad: | Dato: | | Underskrift: |

**Rettleiing:**

Forvaltingslova pålegg kommunen å gi turvande rettleiing til den som treng det. På www.bing.nu er det under fana Delingssak gitt nærare informasjon om temaet.
Nedanfor er nokre utfyllande merknader gitt i form av fotnotar i skjemaet.

---

[1] Skjemaet er eit kombinert skjema som dekker både søknad om deling o.a. etter plan- og bygningslova (pbl) og rekvisisjon på ulike oppgåver etter matrikkellova (ml). Søkjar/rekvirent kryssar av for den hovudtype av tenester som er aktuelle. **Ved søknad om deling, skal kryssast av for første og andre oppgåve.**

[2] Matrikulering = innføring av ny juridisk eining i matrikkelen, innføring av nye opplysingar til einingane i matrikkelen eller endring av tidlegare innførde opplysingar

[3] Her skriv søkjar/rekvirent inn identitetsnummeret til den/dei eigedomane frådelinga/bortfesting skal skje frå eller den/dei eigedomane det etter matrikkellova er rekvirert tenester i høve til.

[4] Kryss av for aktuell type registrering og legg ved aktuell dokumentasjon. For samanslåing skal nyttast standard skjema med eventuelle vedlegg. Dette kan rekvirent få hos kommunen.

[5] Her skal det opplysast om formålet med søknaden, f.eks. bustadtomt, fritidsbustad, naust, lager, barnehage, bilverkstad, kombinert forretning/kontor, anlegg og type osv. Ein og same søknad kan femne om fleire parsellar og ulike formål.

[6] Søkjar skal nummerere alle vedlegga til søknaden. Det skal alltid følgja med ei partsliste og eit situasjonskart med innteikna grenser for parsell(ar) som det er søkt frådeling for/plassering av punkt det skal knytast festerett til. **Partslista** skal ha opplysingar om eigedomar og eigarar/rådarettshavarar som har interesser å ivareta i samband med søknaden og etterfølgjande oppmålingsforretning og kva partstilling dei har. Partslisteskjema får ein hos kommunen eller på internett
www.statkart.no/filestore/Matrikkelavdelingen/PDF/Blanketter/705883ePartsliste2.pdf
Partslista kan og nyttast som kvitteringsliste for at alle partane er varsla om søknaden. Alternativt må det leggjast ved tilfredsstillande kvittering for at varsling er utført (punktet vil då ha fleire vedlegg).
Som **kartgrunnlag** skal nyttast kopi av kommunen sitt beste kart, alternativt kopi av gjeldande reguleringsplan. Dette kan tingast hos kommunen eller hentast frå www.nordhordlandskart.no

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 165/15 | Formannskapet | PS | 26.11.2015 |
| | Kommunestyret | PS | |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Jan Olav Osen | FE - 112 | 15/947 |

**Budsjett 2016,Økonomiplan 2016 - 2020**

## Vedlegg:

Budsjett Økonomiplan 2016 - 2020
Budsjett-2016 Økonomiplan 2016-2020

## Framlegg til vedtak:

1.Budsjett 2016 – Økonomiplan 2016-2020, vert tilrådd slik det ligg føre i vedlagde tabelloppsett, med fylgjande endringar på driftsrammene for dei einskilde åra:

| **Rammeområde** | | **2016** | **2017** | **2018** | **2019** | **2020** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | |
| | | | | | | |

2. Total ramme for 2016 til fordeling drift vert kr. 178.307.000,-

3. Nettorammene på dei einskilde ansvarsområda vert fastsett til (alle tal er oppført i 2016-kroner):

| Rammeområde | | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 100 | Rådmann | 17558 | 17706 | 17556 | 17706 | 17556 |
| 101 | Politisk styring og kontroll-organ | 3455 | 3455 | 3455 | 3455 | 3455 |
| 190 | Interne serviceeiningar til fordeling | 4754 | 4354 | 4354 | 4354 | 4354 |
| 200 | Adm.undervisning og kultur | 2658 | 2258 | 2258 | 2258 | 2258 |
| 201 | Barnevern/PPT | 7277 | 6977 | 6677 | 6677 | 6677 |
| 210 | Årås skule | 22711 | 22961 | 23211 | 23211 | 23211 |
| 211 | Kaland skule | 13236 | 13236 | 13236 | 13236 | 13236 |
| 220 | Austrheim kystbarnehage | 12900 | 12900 | 12900 | 12900 | 12900 |
| 221 | Kaland barnehage | 9188 | 9188 | 9188 | 9188 | 9188 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 250 | Musikk og kulturskule | 1722 | 1722 | 1722 | 1722 | 1722 |
| 251 | Bibliotek | 1507 | 1507 | 1507 | 1507 | 1507 |
| 255 | Anna kultur | 2056 | 2256 | 2406 | 2406 | 2406 |
| 290 | Undervisn./arbeids-senter | 1078 | 1078 | 1078 | 1078 | 1078 |
| 300 | Adm. Helse/sosial | 577 | 577 | 577 | 577 | 577 |
| 301 | Helseteneste | 11086 | 11386 | 11386 | 11386 | 11386 |
| 302 | Sosiale tenester | 7687 | 6987 | 6087 | 5387 | 4687 |
| 330 | Nordliheimen | 21596 | 21596 | 22596 | 22596 | 22596 |
| 331 | Kjøkken/vaskeri | 3660 | 3660 | 3660 | 3660 | 3660 |
| 332 | Heimetenester I | 10548 | 10548 | 10548 | 10548 | 10548 |
| 333 | Heimetenester II | 7315 | 7315 | 7315 | 7315 | 7315 |
| 500 | Plan, byggesak, miljø | 2593 | 2643 | 2643 | 2643 | 2643 |
| 501 | Interkomm.landbruk/ veterinær | 825 | 825 | 825 | 600 | 600 |
| 600 | Tekniske tenester | -1839 | -2239 | -2239 | -2239 | -2239 |
| 604 | Eigedomsavdeling | 9053 | 9213 | 9378 | 9378 | 9378 |
| 605 | Reinhaldsavdeling | 5370 | 5520 | 5670 | 5670 | 5670 |
| 800 | Tilleggsløyvingar-Næring | 125 | 500 | 500 | 500 | 500 |
| 801 | Tilleggsløyvingar-Formanns | 250 | 250 | 250 | 250 | 250 |
| 802 | Tilleggsløyvingar-K.styret | 300 | 300 | 300 | 300 | 300 |
| 803 | Tilleggsløyvingar-Rådmann | 775 | 725 | 725 | 725 | 725 |
| 804 | Tilleggsløyving - Ordførar | 50 | 50 | 50 | 50 | 50 |
| 899 | Andre overordna utg./innt. | -2 419 | -2 019 | - 1619 | - 1 619 | - 1 619 |
| 900 | Momsrefusjonsordninga | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | Overskto/Nedbet.undersk. | -1 180 | -6 305 | -1 668 | -2 400 | -2 115 |

4. Den totale investeringsramma for år 2016 vert sett til kr. 8850000,-
med fylgjande endring:

| Ansvar Tiltak | 2016 |
|---|---|
| 099 | |
| 099 | |

**Den totale investeringsramma for 2016 vert då kr. 8850000,-**

**Som vert finansiert som fylgjer:**

| | |
|---|---|
| **Ordinært låneopptak:** | **5773000** |
| **Overføring frå drift-Investeringstilskot sokneråd** | **300000** |
| **Overføring frå drift-netto avdrag på utlån** | **500000** |
| **Tilskot rehabilitering skulebygg** | **277000** |
| **Sal av eigedomar** | **2000000** |

I tillegg vert det tatt opp fylgjande lån:

| | |
|---|---|
| **Lån til vidare utlån** | **500.000** |

Vekta avdragstid på låneopptak for 2016 vert fastsett til 30 år

5. Måla for drifta vert vedteke slik dei går fram av kommuneplanen vedteke den 04.02.15.

6. Rådmannen utarbeider detaljbudsjett og resterande lovfesta hovudoversiktar, med bakgrunn i gjevne driftsrammer.

7.a. I medhald av eigedomsskattelova §§3 første ledd bokstav c vert utskrivinga av eigedomsskatt på verk og bruk vidareført i 2016 med 7,0 promille, jfr. esktl § første ledd.

b.For 2016 vert det utskriving av eigedomsskatt på anna næring jfr. ektl § 3 første ledd bokstav d med 7,0 promille.Føresetnaden er at takseringa av anna næring er ferdig innan 01.03.16.

c.Taksvedtekter for eigedomsskatt i Austrheim kommune vedtatt i kommunestyret den 17.12.15 skal gjelde for eigedomsskatteåret 2016, jfr. esktl § 10.

d. Utskriving av eigedomsskatt for skatteåret 2016 er basert på takster fastsett ved siste alminnelige taksering gjennomført i 2009 med seinare justeringar.

8. Marginavsetnad vert fastsett til 10% for 2016.

## Saksopplysninger:

**Bakgrunn**

**Vedlagt er verbaldelen for budsjett 2016 og økonomiplan 2016 – 2020 og talbudsjettet.**

| | | 0 | -1 180 | -6 305 | -1 668 | -2 400 | -2 115 | Pr-13-november-2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | R - | RB2-15 | B-16 | ØP-17 | ØP-18 | ØP-19 | ØP-20 | Kommentarar |
| | **Skjema 1 A - Drift** | | | | | | | |
| 18000 | Ordinært rammetilskot gjeldande økonomiplan/Innbygg | 64 737 | 80 316 | 80 316 | 80 316 | 80 316 | 80 316 | |
| | Småkommunetilskot | 0 | 0 | 5 475 | 5 475 | 5 475 | 5 475 | Tilbake i 2017 |
| | Utgiftsutjevning | 8 744 | 0 | | | | | En del av rammetilskuddet |
| | Saker til særskilt fordeling | 320 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | Fysioterapeut |
| | Overgangsordning nytt inntektssystem - INGAR | 1 409 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | Nytt tilskudd |
| | Veksttilskot | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| | Ekstra skjønstilskot | 1 600 | 1 600 | 1 600 | 1 600 | 1 600 | 1 600 | |
| 18007 | Skjønsmidlar frå Fylkesmannen | 2 500 | 2 100 | 2 100 | 2 000 | 1 800 | 1 800 | |
| | Sum Rammetilskot | 79 310 | 84 016 | 89 491 | 89 391 | 89 191 | 89 191 | |
| 18700 | Skatt på inntekt og formue | 79 353 | 84 763 | 84 800 | 84 800 | 84 800 | 84 800 | |
| | Justering skatteinntekter | 450 | | | | | | |
| 18005 | Inntektsutjamning | -5 081 | -3 895 | -3 898 | -3 904 | -3 903 | -3 901 | |
| | Tusenavrunding (jf. Prognosemdell) | 1 | 0 | 0 | | | | |
| | **Sum skatt og inntektsutjamning** | 74 723 | 80 868 | 80 902 | 80 896 | 80 897 | 80 899 | |
| | **Sum rammetilskot, skatt, inntektsutjamning** | 154 033 | 164 884 | 170 393 | 170 287 | 170 088 | 170 090 | |
| 18101 | Bustadtilskot | 175 | 175 | 175 | 175 | 175 | 175 | |
| 18103 | Kompensasjon grunnskulereform-97 | 50 | 50 | 50 | 50 | 50 | 50 | |
| 18104 | Kompensasjonstilskot eldreomsorg | 800 | 800 | 800 | 800 | 800 | 800 | |
| 18104 | Kompensasjonstilskot Vestlia | 300 | 300 | 300 | 300 | 300 | 300 | |
| 18107 | Rentekompensasjon skulebygg | 400 | 400 | 400 | 400 | 400 | 400 | |
| 18105 | Integreringstilskot flyktningar | 6 800 | 8 687 | 6 000 | 4 041 | 1 662 | 700 | Eksisternde flyktninger 29 personer og 13 nye |
| 18740 | Eigedomsskatt | 12 600 | 15 800 | 19 200 | 19 200 | 21 300 | 21 300 | |
| | **Sum skatt og inntektsutjamning** | 21 125 | 26 212 | 26 925 | 24 966 | 24 687 | 23 725 | |
| | **Sum frie disponible inntekter** | 175 158 | 191 096 | 197 318 | 195 253 | 194 775 | 193 815 | |
| 19000 | Renteinntekter | 1 200 | 600 | 600 | 600 | 600 | 600 | |
| 19005 | Utbyte | 1 700 | 1 700 | 1 700 | 1 700 | 2 000 | 2 000 | |
| 15000 | Renteutgfter m.m. | -3 798 | -3 860 | -3 925 | -4 754 | -4 585 | -4 700 | Renta:1,,55%,1,55%,2%, 2% og 2% |
| 15100 | Avdrag på lån | -7 000 | -7 429 | -8 005 | -8 933 | -8 940 | -9 000 | Minsteavdrag 3,5 % av saldo 1.1. |
| | Tusenavrunding (jf. Arkfane renter/avdrag) | -52 | 0 | 27 | 27 | | | |
| | **Netto finansutgifter/inntekter** | -7 950 | -8 989 | -9 603 | -11 360 | -10 925 | -11 100 | |
| | **Til fordeling drift - før avsetnader** | 167 208 | 182 107 | 187 715 | 183 893 | 183 850 | 182 715 | |
| 15400 | Avsetnad til nytt fond for premieavvik | -3 000 | -3 000 | -3 000 | -3 000 | -3 000 | -3 000 | |
| 19400 | Bruk av tidl. Års avsetnad | 293 | 0 | 0 | 0 | | | |
| 19400 | Meirforbruk/mindreforbruk | 12 000 | | | | | | |
| 19400 | Bruk av fond - verdifall eigedomsskatt | 0 | 0 | | | | | |
| 19400 | Bruk av nytt fond for premieavvik | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | | |
| | **Netto avsetnader** | 9 293 | -3 000 | -3 000 | -3 000 | -3 000 | -3 000 | |

| | R - | RB2-15 | B-16 | ØP-17 | ØP-18 | ØP-19 | ØP-20 | Kommentarar |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | | | |
| 15700 | Netto avdrag på utlån | -500 | -500 | -500 | -500 | -500 | -500 | |
| 15701 | Til Eigenkapitalinnskot KLP | -300 | -300 | -300 | -300 | -300 | -300 | |
| | Overført inv.tilskot til driftstilskot Sokneråd | -300 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| | | | | | | | | |
| | | | | | | | | |
| | **Sum overført til investering** | -1 100 | -800 | -800 | -800 | -800 | -800 | |
| | **TIL FORDELING DRIFT** | **175 401** | **178 307** | **183 915** | **180 093** | **180 050** | **178 915** | |
| | **Rekneskapsmessig resultat** | | | | | | | |
| | **Skjema 1B - drift** | | | | | | | |
| 100 | **Rådmann** | 17 031 | 17 558 | 17 706 | 17 556 | 17 706 | 17 556 | |
| | Valutgifter | | -150 | 150 | -150 | 150 | -150 | |
| | Austrheim kyrkje 150 år | | -200 | | | | | |
| | Endring | | 875 | | | | | |
| 101 | **Politisk styring og kontrollorgan** | 3 390 | 3 455 | 3 455 | 3 455 | 3 455 | 3 455 | |
| | Auka utgifter | | 65 | | | | | |
| 190 | **Interne serviceeiningar til fordeling** | 4 740 | 4 754 | 4 354 | 4 354 | 4 354 | 4 354 | |
| | **Endring** | | 14 | | | | | |
| | **Redusert stilling** | | | -400 | | | | |
| 200 | **Administrasjon undervisning** | 1 687 | 2 658 | 2 258 | 2 258 | 2 258 | 2 258 | |
| | Endring | | 971 | | | | | |
| | Framandspråkleg | | | -400 | | | | |
| 201 | **PPT og Barnevern** | 11 584 | 7 277 | 6 977 | 6 677 | 6 677 | 6 677 | |
| | Redusert konsulentbruk | | -300 | -300 | -300 | | | |
| | Endring | | -4 007 | | | | | |
| | Introduksjonsstønad | | | | | | | |
| 210 | **Årås skule** | 23 171 | 22 711 | 22 961 | 23 211 | 23 211 | 23 211 | |
| | Endring | | -460 | 250 | 250 | | | |
| 211 | **Kaland skule** | 13 677 | 13 236 | 13 236 | 13 236 | 13 236 | 13 236 | |
| | Kompenssjon lønn | | | | | | | |
| | Endring | | -441 | | | | | |
| 220 | **Austrheim Kystbarnehage** | 12 851 | 12 900 | 12 900 | 12 900 | 12 900 | 12 900 | |
| | Endring | | 49 | | | | | |
| 221 | **Kaland barnehage** | 8 623 | 9 188 | 9 188 | 9 188 | 9 188 | 9 188 | |
| | Endring | | 565 | | | | | |
| 250 | **Kulturskule** | 1 607 | 1 722 | 1 722 | 1 722 | 1 722 | 1 722 | |
| | Endring | | 115 | | | | | |
| 251 | **Bibliotek** | 1 451 | 1 507 | 1 507 | 1 507 | 1 507 | 1 507 | |

| | R - | RB2-15 | B-16 | ØP-17 | ØP-18 | ØP-19 | ØP-20 | Kommentarar |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | | | |
| | Endring | | 56 | | | | | |
| 255 | **Anna kultur** | 2 404 | 2 056 | 2 256 | 2 406 | 2 406 | 2 406 | |
| | Endring | | -398 | 150 | 150 | | | |
| | Kulturlandskap | | 50 | 50 | | | | |
| 290 | **Undervisning og arbeidssenter** | 1 657 | 1 078 | 1 078 | 1 078 | 1 078 | 1 078 | |
| | Endring | | -579 | | | | | |
| 300 | **Administrasjon helse- og sosial** | 522 | 577 | 577 | 577 | 577 | 577 | |
| | Endring | | 55 | | | | | |
| | | | | | | | | |
| | Bustadtilskot | | 175 | 175 | | | | |
| 301 | **Helseteneste** | 7 554 | 11 086 | 11 386 | 11 386 | 11 386 | 11 386 | |
| | Auka stilling helsesekretær 40 % | | | | | | | |
| | Endring | | 3 532 | 300 | | | | |
| 302 | **Sosiale tenester** | 4 887 | 7 687 | 6 987 | 6 087 | 5 387 | 4 687 | |
| | Auka lønn | | | | | | | |
| | Overføring av flyktningetilskudd til 900 | | | | | | | |
| | Endring | | 2 800 | -700 | -900 | -700 | -700 | |
| 330 | **Nordliheimen** | 22 000 | 21 596 | 21 596 | 22 596 | 22 596 | 22 596 | |
| | Endring | | -404 | | 1 000 | | | |
| 331 | **Kjøkken/vaskeri** | 3 564 | 3 660 | 3 660 | 3 660 | 3 660 | 3 660 | |
| | Endring | | 96 | | | | | |
| 332 | **Heimetenester I** | 9 786 | 10 548 | 10 548 | 10 548 | 10 548 | 10 548 | |
| | | | | | | | | |
| | Endring | | 762 | | | | | |
| 333 | **Heimetenester II** | 7 811 | 7 315 | 7 315 | 7 315 | 7 315 | 7 315 | |
| | Endring | | -496 | | | | | |
| 500 | **Plan, byggesak, miljø** | 2 229 | 2 593 | 2 643 | 2 643 | 2 643 | 2 643 | |
| | Endring | | 314 | | | | | |
| | Handlingsplanar knytt til kommuneplanarbeid | | 50 | 50 | | | | |
| 501 | **Interkommunal landbruk/veterinær** | 600 | 825 | 825 | 825 | 600 | 600 | |
| | Tilskot landbruk/ny budsjettjustering | | 225 | | | -225 | | |
| 600 | **Tekniske tenester** | -1 722 | -1 839 | -2 239 | -2 239 | -2 239 | -2 239 | |
| | | | 283 | | | | | |
| | Auka gebyrinntekter | | -400 | -400 | | | | |
| 604 | **Eigedomsavdeling** | 9 378 | 9 053 | 9 213 | 9 378 | 9 378 | 9 378 | |
| | Endring | | -325 | 160 | 165 | | | |
| 605 | **Reinhaldsavdeling** | 5 112 | 5 370 | 5 520 | 5 670 | 5 670 | 5 670 | |

| | R - | RB2-15 | B-16 | ØP-17 | ØP-18 | ØP-19 | ØP-20 | Kommentarar |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | | | |
| | Endring | | 258 | 150 | 150 | | | |
| 800 | **Tilleggsløyvingar - Næringsutvikling** | 875 | 125 | 500 | 500 | 500 | 500 | |
| | Prosjekttleiar "Austrheim heile livet | | -100 | | | | | K-sak 047/14 |
| | Endring | | -400 | | | | | |
| | Industriinkubator | | 125 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| | Samfunnsutviklar/næringssjef | | 350 | | | | | |
| | Avsetning næringsfond | | 150 | 350 | | | | |
| 801 | **Tilleggsløyvingar - Form.skap** | 250 | 250 | 250 | 250 | 250 | 250 | |
| | Ramme | | | | | | | |
| 802 | **Tilleggsløyvingar - Komm.styret** | 351 | 300 | 300 | 300 | 300 | 300 | |
| | Endring | | -51 | | | | | |
| 803 | **Tilleggsløyvingar - Rådmann** | 750 | 775 | 725 | 725 | 725 | 725 | |
| | Næringsforum | | 50 | 50 | | | | |
| | Til kurs-og velferdsmidlar | | 225 | 225 | | | | |
| | Til tilretteleggings tiltak - seniortiltak | | 100 | 100 | | | | |
| | Kulturdager | | 50 | | | | | |
| | Effekt av seniortiltak/sluttpakkar | | 200 | 200 | | | | |
| | Arbeidsmiljøtiltak | | 100 | 100 | | | | |
| | Delplaner og Eigendel prosjektarbeid | | 50 | 50 | | | | |
| 804 | **Tilleggsløyvingar** | 50 | 50 | 50 | 100 | 100 | 100 | |
| | Til ordføraren sin disposisjon | | 50 | 50 | 50 | | | |
| 899 | **Andre overordna utg./innt.** | -2 819 | -2 419 | -2 019 | -1 619 | -1 619 | -1 619 | |
| | Amortisering av pensjonskostnader - øk.prp. 2013-2( | | 400 | 400 | 400 | | | |
| | K-sak 039/12 - Tilskot til Furuly eldresenter | | | | | | | |
| | Tilskot til Sætremarka Burettslag | | | | | | | |
| 900 | **Momsrefusjonsordninga m.m.** | 175 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | Statleg uttrekk 1,706 mill. (= 6,85 mill. inv. m/ref.) |
| | **Fordelt til drift** | 175 226 | 177 652 | 177 435 | 178 250 | 177 475 | 176 625 | |
| | | | | | | | | |
| | **Til fordeling skjema 1A** | -175 401 | -179 007 | -183 915 | -180 093 | -180 050 | -178 915 | |
| | **Balanse** | -175 | -1 355 | -6 480 | -1 843 | -2 575 | -2 290 | |
| | **Justert balanse = meir-/mindreforbruk** | 0 | -1 180 | -6 305 | -1 668 | -2 400 | -2 115 | |
| | **Som er fordelt slik:** | | | | | | | |
| | Ansvar 200 - fond | -175 | -175 | -175 | -175 | -175 | -175 | |

**Skjema 2 B - KAPITAL**

| | Rest ! | RB2-15 | ØP-16 | ØP-17 | ØP-18 | ØP-19 | Øp-20 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | IKT - Austrheim kommune | 150 000 | 150 000 | 150 000 | 150 000 | 150 000 | 150 000 | |

| | R - | RB2-15 | B-16 | ØP-17 | ØP-18 | ØP-19 | ØP-20 | Kommentarar |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | | | |
| | Prosjekt felles IKT drift i regionen - investeringsdel | 240 000 | 400 000 | 400 000 | 400 000 | 400 000 | 400 000 | |
| | IKT - skular | 150 000 | 150 000 | 150 000 | 150 000 | 150 000 | 150 000 | |
| | Kartlegging | 100 000 | 100 000 | 100 000 | 100 000 | 100 000 | 100 000 | |
| | Vinterhage Nordliheimen | 300 000 | | | | | | |
| | Vedhus arbeidssenteret | 200 000 | | | | | | |
| | Lager Nordliheimen | 0 | 600 000 | | | | | |
| | Oppgradering garderober Nordliheimen | 0 | 500 000 | | | | | |
| | VVA | 0 | 1 500 000 | 3 000 000 | 3 000 000 | 3 000 000 | 3 000 000 | |
| | Avlaupstasjoner | 1 000 000 | | | | | | |
| | Oppgradering Kaland skole | 0 | 1 000 000 | 1 000 000 | 2 000 000 | 2 000 000 | 1 000 000 | |
| | Samla ungdomskule | 0 | | 3 000 000 | 3 000 000 | | | |
| | Oppgradering Kaland Barnehage | 0 | 500 000 | 2 000 000 | 3 000 000 | | | |
| | KS 31/15 - Oppgr. Årås sk. | 21 700 000 | 500 000 | 500 000 | 500 000 | 500 000 | 100 000 | |
| | Opparbeiding av park, K-sak-29/15 | 2 100 000 | | | | | | |
| | Rehabilitering 2014 | 255 762 | | | | | | |
| | Oppgradering Kaland Idrettsplass | 0 | | | | 5 000 000 | | |
| | Nye omsorgsbustader/Ks-92/14 | 2 000 000 | | 5 000 000 | 2 000 000 | | | K-sak 029/14 |
| | KS 28/15-minigravemaskin | 230 000 | | | | | | K-sak 97/13 |
| | Prosjekt bredbånd | 750 000 | 750 000 | | | | | K-sak 77/13 |
| | Oppgradering av Tresvikvegen til 10 tonn akseltrykk | 200 000 | | | | | | K-sak 2013 |
| | Byggutbetring | 0 | 500 000 | 500 000 | 500 000 | 500 000 | 500 000 | |
| | Asfaltering | 265 000 | 500 000 | 500 000 | 500 000 | 500 000 | 500 000 | |
| | Veglys | 265 000 | | | | | | |
| | Befalsbil Brann og redning | 500 000 | | | | | | |
| | Trafikksikring etter plan | 1 100 000 | 500 000 | 500 000 | 500 000 | 500 000 | 500 000 | F-sak 040/14 |
| | Kaiar i Austrheim | 1 300 000 | 400 000 | 400 000 | 400 000 | 400 000 | 400 000 | |
| | K-sak 27/15 Digitalt nødnett | 240 000 | | | | | | |
| | F-sak 052/14 Parkeringsplass Krossøy | 187 000 | | | | | | F-sak 052/14 |
| | Klubbhus Austrheim Idrettspark | 3 150 000 | | | | | | |
| | K-sak30/15 -klubbhus | 1 750 000 | | | | | | |
| | Bygging av kai åråsvågen 500 000 | 500 000 | | | | | | Anleggsbidrag |
| | Trafikksikring på Fonnes 500 000 | 500 000 | | | | | | Finanansiert av trafikksikringspris (25100080) |
| | Gangveg på Kaland 1 000 000 | 1 270 000 | | | | | | Delvis finansiert ved salg av 2 tomter |
| | Trafikksikring Kaland | 400 000 | | | | | | |
| | Utsmykking kommunale bygg | 0 | | | | | | |
| | Investeringstilskot Austrheim sokneråd | 300 000 | 300 000 | 300 000 | 300 000 | 300 000 | 300 000 | |
| | Startlån | 500 000 | 500 000 | 500 000 | 500 000 | 500 000 | 500 000 | |
| **Sum finansieringsbehov** | | **41 602 762** | **8 850 000** | **18 000 000** | **17 000 000** | **14 000 000** | **7 600 000** | |
| | Utlån | | 500 000 | 500 000 | 500 000 | 500 000 | 500 000 | |
| **Som vert finansiert slik:** | | | | | | | | |
| | **Låneopptak:** | | | | | | | |
| | Ordinært låneopptak i året | -16 290 000 | -5 773 000 | -17 200 000 | -16 200 000 | -13 200 000 | -6 800 000 | |

| | R - | RB2-15 | B-16 | ØP-17 | ØP-18 | ØP-19 | ØP-20 | Kommentarar |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | | | |
| | Ovf. Av lån 2014/justering | -6 162 762 | | | | | | |
| | Justering Lån- KS 31/15 | -11 500 000 | | | | | | |
| | Rentekomp.lon KS -31/15 | -3 200 000 | | | | | | |
| | Bruk av investeringsfond s-park | -400 000 | | | | | | F-sak-05/214 |
| | Tilskudd Sentrumspark | -500 000 | | | | | | |
| | Tilskot HFK | -500 000 | | | | | | |
| | Salg av Årås B. KS 30/15 | -1 750 000 | | | | | | |
| | Trafikksikringspris fra Samf.dep. | -500 000 | | | | | | |
| | Tilskudd til rehab.skulebygg | 0 | -277 000 | | | | | |
| | **Salg av eiendommer** | 0 | -2 000 000 | | | | | |
| | **Overført frå drift:** | 0 | | | | | | |
| | Overført frå drift - Investeringstilskot Sokneråd | -300 000 | -300 000 | -300 000 | -300 000 | -300 000 | -300 000 | |
| | Overført frå drift - netto avdrag på utlån | -500 000 | -500 000 | -500 000 | -500 000 | -500 000 | -500 000 | |
| **Sum finansiering** | | -41 602 762 | -8 850 000 | -18 000 000 | -17 000 000 | -14 000 000 | -7 600 000 | |
| | **Låneopptak til vidare utlån** | -2 000 000 | -500 000 | -500 000 | -500 000 | -500 000 | -500 000 | |
| **Balanse** | | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | |

Austrheim
- opne landskap, ope sinn

# Budsjett 2016
# og
# økonomiplan
# 2016 -2020.


Austrheimparken og Samuel Lervågs plass vart opna i 2015. Det pyntar opp i kommunesentrum

## Innhold

1. Føreord .......... 2
2. Mål for verksemda .......... 2
3. Fylkesmannen sitt budsjettrundskriv 2016 .......... 3
4. Rådmannen sine kommentarar .......... 9
5. Økonomisk oversikt historisk. .......... 11
6. Prosjektet «Kutt i drifta med fokus på kvalitet.» .......... 12
7. Rådmannen sine kommentarar til dei einskilde ansvarsområda. .......... 14
8. Utvikling i netto driftsresultat: .......... 17
9. Investeringar 2016. .......... 17
10. Vurdering .......... 18
11. Økonomiplanen 2016 – 2020 .......... 19
12. Konklusjon – Rådmannen sitt framlegg til vedtak .......... 20
13. Vedlegg: .......... 22

# 1. Føreord

Gjennom året 2015 har Austrheim opplevd ein sterk svikt i skatteinntektene. Vi har sett kor oljeavhengig kommunen er. I mai starta rådmannen opp prosjektet «Kutt i drifta med fokus på kvalitet.» Dette var naudsynt på grunn av den sterke svikten i inntektene. Prosjektet starta opp med leiargruppa samla saman med dei tillitsvalde. I kapittel 6, vert det gjort nærare greie for korleis rådmannen har handsama dette. Målsetjinga for prosjektet er å få til drift basert på 1,75% årleg overskot på driftsrekneskapet.

Dette dokumentet er rådmannen sin gjennomgang av budsjettet for 2016 og økonomiplanen for perioden 2016 – 2020. Det inneheld rådmannen sine prioriteringar for 2016 og åra framover.

# 2. Mål for verksemda

I kommunestyremøtet 04.02.15 godkjente Austrheim kommunestyre samfunnsdelen av kommune-planen for perioden 2015 – 2027. Arealdelen av kommuneplanen er til revisjon og vil bli handsama i 2016.

Samfunnsdelen av kommuneplanen har fylgjande innhald:

- Hovudverdi for Austrheim
- Visjon
- Forventningar fram mot 2027
- Økonomiske rammer
- Samfunnsutvikling
- Oppvekst og arbeid
- Helse og omsorg
- Folkehelse
- Landskap, miljø og samfunnstryggleik
- Kommunal organisering og tenesteyting
- Hovudsatsingsområde

For fullt innsyn i alle mål og visjonar for Austrheim kommune vert det vist til den vedtekne kommuneplanen sin samfunnsdel som ligg som vedlegg i del 13 i dette skrivet.

Vi vil visa til fylgjande utdrag av målformuleringane i samfunnsdelen av kommuneplanen.

**Visjon for utvikling og vekst**

Vår visjon er:

***Eit livskraftig kystsamfunn, kjend for havsport, med pulserande tettstad og akive bygder.***

**Hovudmåla er:**

- Austrheim skal verte ein meir attrativ stad å bu, etablere bedrifter og besøkje.
- Austrheim skal utvikle seg til eit berekraftig og dynamisk område, i eller utanfor ei større kommunal eining.
- Austrheim skal utvikla seg vidare som eit livskraftig regionalt knutepunkt nord i Nordhordland.

**Økonomisk rammer**

Me vil at:

- Kvaliteten på tenestene skal oppretthaldast.
- Det skal arbeidast for eit stabilt driftsresultat på minimum 3% av samla driftsinntektekter. (*Dette målet er seinare endra til 1,75 % av Departementet, red. merk.)*
- Det skal fokuserast på prosjektarbeid og nye metodar for oppgåveløysing.
- Det skal fokuserast på rasjonalisering og effektivisering innan betaling, sakshandsaming og informasjon.

Dette vil me få til gjennom å:

- Vidareføra god kontroll med økonomien og økonomiplanlegginga.
- Fokusera på effektivisering og rasjonell drift med bruk av elektronisk betaling, sakshandsaming og informasjonssystem.
- Syte for naudsynt investering i eksisterande bygg og anlegg.
- Halde budsjettrammene frå 2015 – 17 på om lag på same nivå som for 2014.
- Ta høgd for mogeleg renteauke framover.
- Integrera handlingsdelen til kommuneplanen i økonomiplanen og oppdatera denne kvart år for betre målstyring.

## 3. Fylkesmannen sitt budsjettrundskriv 2016

*I skriv av 07.10.15 har fylkesmannen skissert fylgjande opplegg for statsbudsjettet 2016:*

***«Det økonomiske opplegget for 2015***
*I revidert nasjonalbudsjett var det ein berekna skatteauke for kommunane i år på 4,6 prosent. Dei berekna skatteinntektene for inneverande år er ikkje endra frå revidert nasjonalbudsjett til no.*

*Den samla pris og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) var i revidert nasjonal-budsjett 2,9 prosent. Av dette var berekna lønsvekst 3,2 prosent. Berekna pris- og lønsvekst er ikkje endra frå revidert nasjonalbudsjett til no.*

***Regjeringa sitt framlegg for budsjettåret 2016***
*Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2015 til 2016 med 7,4 prosent.*

*Skatteøyret for kommunane er i 2015 11,35 prosent. Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret blir 11,8 prosent for 2016. Årsaka til framlegget om auken i det kommunale skatteøyret frå 2015 til 2016 er at skattedelen av kommunane sine inntekter er re-dusert i 2015, som følgje av skattekompensasjonen i revidert nasjonalbudsjett i ramme-tilskotet, jf. målsetjinga om ein skattedel på 40 prosent av inntektene.*

*Det er lagt opp til at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vere om lag 40 prosent.*

*Den samla pris og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) er i framlegget 2,7 prosent. Av dette utgjer pårekna lønsvekst også 2,7 prosent. Deflatoren blir nytta til pris-justering av statlege rammetilskot og øyremerka tilskot i statsbudsjettet.*

***Frie inntekter - skatt og rammeoverføring samla***
*Vedlagt tabell syner rammeoverføring og pårekna frie inntekter for 2016. Pårekna skatt og inntektsutjamning i tabell byggjer på kommunane sin reelle skatteinngang i 2014. I høve til dette grunnlaget er det justert for berekna skatteutvikling i 2015 og 2016.*

*I berekning av skatteprognose for 2016 er det justert for same endring i prosent i høve til rekneskap 2014 for alle kommunane uavhengig av den lokale utviklinga i kvar kommune etter 2014. Denne skatteprognosen er nytta som grunnlag for pårekna inntektsutjamning.*
*Kommunane må justera for lokale tilhøve knytte til skatteutviklinga. Folketalsutviklinga fram til 01.01.2016 vil dessutan påverka inntektsutjamninga i rammeoverføring.*

*Veksten i rammeoverføring frå 2015 til 2016 vil variera mellom kommunane. Hovudårsakene er følgjande punkt som påverkar kommunane ulikt:*

- *endra kriteriedata og befolkning*
- *verknad av endringar i inntektssystemet*
- *endring i fordelinga av skjønstilskot*
- *endring i veksttilskot*
- *endring i distriktstilskot.*

*Endra kriteriedata, til dømes talet på psykisk utviklingshemma eller eldre, og befolkning er særleg viktig.*

*Prisjustering frå 2015 til 2016 er innarbeidd i oversynet for dei frie inntektene.*

***Samla vekst i frie inntekter***
*Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane frå 2015 til 2016 på 4,2 mrd. Denne veksten er no den same både om ein reknar vekst frå inntektsnivået i år i revidert nasjonalbudsjett eller frå noverande pårekna inntektsnivå i år, då dette er det same 2015-nivået. Veksten er realauke, det vil seie at prisjustering til 2016 - kroner kjem som eit tillegg.*

*Det er lagt opp til at auken i dei frie inntektene frå 2015 til 2016 skal dekka auka ressurs-innsats i kommunane til:*

1. *Kr. 1,7 mrd. i pårekna meirutgifter som følgje av befolkningsutviklinga, både med omsyn til folkevekst og alderssamansetjing. Samla meirutgifter knytte til befolkningsutviklinga er pårekna å utgjere kr. 2,1 mrd. Heile denne utgiftsveksten er for primær-kommunane.*

2. *Det er venta at pensjonskostnadene for kommunane vil auke ut over det som blir kompensert gjennom prisjustering av inntektene. For kommunane kan denne real-veksten i utgiftene omtrentleg reknast til om lag kr. 0,8 mrd.*

   *Auken i pensjonskostnadene har samanheng med lønsutviklinga, låg rente, auka levealder og redusert amortiseringstid for premieavvik.*

3. *Delar av veksten i dei frie inntektene kan dessutan knytast til følgjande satsings-område:*

   - *Kr. 400 mill. til auka satsing innan rusomsorg. Fordeling etter delkostnadsnøkkel for sosialhjelp i inntektssystemet.*

   - *Kr. 200 mill. til auka satsing på helsestasjon og skulehelsetenesta. For 2016 vil tilskotsnivået med dette kome opp i samla kr. 667,7 mill. Fordelt mellom kommunane etter talet på innbyggjarar 0 - 19 år, minst kr. 100.000,- per kommune.*

   - *Kr. 400 mill. til meir fleksible barnehageopptak. Det er heilårsverknaden i 2016 av kompensasjon frå 2015. Utgjer for heile året opp mot kr. 750 mill. Fordeling etter del-kostnadsnøkkel for barnehage i inntektssystemet.*

*Det er rekna med ein nominell vekst i kommunane sine samla frie inntekter på landsbasis frå 2015 til 2016 med 4,3 prosent. Veksten er rekna i høve til noverande berekna inntektsnivå i år. Med berekna prisvekst i kommunesektoren på 2,7 prosent, svarar det til ein realauke på 1,6 prosent i frie inntekter for kommunane samla i landet frå 2015 til 2016.*

*Auka rammeoverføring blir gitt for nye oppgåver og omfattar også heilårsverknader i denne samanhengen. Utrekna prosentvekst i dei frie inntektene er korrigerte for oppgåveendringar både for kommunane samla og kvar for seg, blant anna i vedlagt tabell. Endringar i ramme-overføring i denne samanheng inngår med andre ord ikkje i den utrekna prosentveksten.*

*Det vil også omfatta innlemming i rammetilskotet av øyremerka tilskot, til dømes innlemm-ing i 2016 i samband med døgnopphald for personar med behov for hjelp med ein gong.*

***Tiltakspakke for auka sysselsetjing***
*Regjeringa legg fram ein særskilt tiltakspakke for auka sysselsetjing. Som ein del av denne tiltakspakken er det framlegg om eit eige øyremerka eingongstilskot til kommunane for 2016 på til saman kr. 500 mill. Tilskotet skal nyttast til vedlikehald og rehabilitering av skular, sjukeheimar og omsorgsbustader. Tilskotet vil bli fordelt mellom kommunane med eit likt kronebeløp per innbyggjar utan søknad, om lag kr. 96,- per innbyggjar.*

*Tilskotet kjem i tillegg til den signaliserte veksten i inntektene i framlegget frå 2015 til 2016.*

*Prosjekt som blir finansierte av tilskotet må bli gjort ferdig i 2016. Tilskot vil berre bli gitt for arbeid på bygg som er eigd av kommunen eller kommunale føretak (KF).*

*Kommunane må gi ei kort rapportering med omsyn til bruken av inntektene. Rutinane for rapportering vil bli avklart nærare.*

***Barnehagar og skule***

*<u>Barnehagar</u>*
*Frå 2016 vil dei ikkje - kommunale barnehagane få den same finansieringa som kommunale barnehagar, det vil seie 100 prosent av tilskot kommunale barnehagar. Kommunane blir kompenserte med samla kr. 180 mill. i auke i rammetilskotet.*

*Det blir gjort endring i forskrift om finansieringa av ikkje - kommunale barnehagar for å gi betre samsvar mellom reelle utgifter og tilskot frå kommunane. Det blir teke omsyn til at dei private barnehagane samla har lågare pensjonsutgifter enn dei kommunale. På den andre sia har dei private samla høgare kapitalutgifter enn dei kommunale. Det er rekna at dette gir ei netto innsparing samla på om lag kr. 338 mill. for kommunane som blir trekt ut av ramme-tilskotet.*

*<u>Ny naturfagtime</u>*
*Det er framlegg om å auka timetalet i naturfag med ein veketime på 5. - 7. trinn frå hausten 2016. Kommunane blir kompenserte gjennom ein auke i rammetilskotet samla for 2016 med kr. 77,6 mill.*

*<u>Rentekompensasjon skulebygg og symjeanlegg</u>*
*Rentekompensasjonsordninga for lån til rehabilitering og nybygg av skular og symjeanlegg blir vidareført i 2016. Det er lagt opp til ei samla investeringsramme, som grunnlag for rente-kompensasjon, på kr. 15 mrd. fordelt over åtte år frå og med 2009. For 2016 er ramma for skulebygg og symjeanlegg, som grunnlag for rentekompensasjon, kr. 1,5 mrd.*

*Heile investeringsramma for perioden frå 2009 på kr. 15 mrd. blir med dette nytta.*

*Investeringsramma omfattar både kommunane og fylkeskommunane. Ordninga blir administrert av Husbanken.*

***Helse og omsorg***

*<u>Døgnopphald - hjelp</u>*
*Det blir ei plikt for kommunane frå 01. januar 2016 å tilby døgnopphald for personar med trong for hjelp med ein gong. Det har vore ei gradvis oppbygging for å sikre at kommunane skulle få tid til å bygge opp tenesta.*

*2015 er det siste året i opptrappingsplanen over fire år. Finansieringa har vore delt mellom halvdelen som øyremerka tilskot og halvdelen frå dei regionale helseføretaka når tilbodet var etablert.*

*I 2016 blir både det øyremerka tilskotet og bidraga frå helseføretaka innlemma i ramme-tilskotet. Finansieringa av tenesta kjem med andre ord frå 2016 gjennom rammetilskotet til kommunane, til saman om lag kr. 1,2 mrd. Tilskotet blir fordelt mellom kommunane etter delkostnadsnøkkel for pleie og omsorg i inntektssystemet.*

*<u>Dagtilbod demente</u>*
*Regjeringa vil kome med framlegg til endring av helse- og omsorgstenestelova slik at kommunane frå 01. januar 2020 får plikt til å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens. Det er lagt opp til utbygging av tilbodet fram mot år 2020.*

*Det er framlegg om øyremerka tilskot i 2016 på til saman kr. 71,3 mill. for å leggje til rette for 1200 plassar i 2016. Tilskotet utgjer om lag 30 prosent av kostnadene med etablering og drift.*

*<u>Sjukeheimsplassar og omsorgsbustader</u>*
*For 2016 er det framlegg om å gi tilsegn om tilskot for om lag 2500 nye einingar med heil-døgns omsorg, fordelt mellom omsorgsbustader og sjukeheimsplassar.*

*Maksimalt berekningsgrunnlag av investering for kvar eining er i underkant av kr. 3,0 mill. (kr. 3,4 mill. i pressområde) i 2015. Dette grunnlaget blir prisjustert til 2016 - kroner.*

*I 2015 er tilskotssats 55 prosent av godkjent investeringsgrunnlag for sjukeheimsplassar og 45 prosent av godkjent investeringsgrunnlag for omsorgsbustader. Det er lagt opp til dei same til-skotssatsane i 2016 som i 2015.*

*Målgruppa for ordninga er personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uav-hengig av alder, diagnose og funksjonshemming. Tilskotet kan gå til bygging, kjøp eller ut-betring.*

*<u>Ressurskrevjande tenester</u>*
*Ordninga med øyremerka tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år. Utbetaling av tilskot til kommunane i 2016 er basert på direkte lønsutgifter i 2015 knytte til tenestemottakarar.*

*Det er innarbeidd ei pårekna auke i det samla øyremerka tilskotet frå saldert budsjett 2015 til budsjettframlegget for 2016 med kr. 1,2 mrd., til i underkant av kr. 9,3 mrd. i 2016 (faktisk utbetaling kan bli høgare).*

*Det er lagt opp til følgjande for 2016:*

- *Kompensasjonsgraden blir vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslagsnivået.*
- *Innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka per brukar frå kr. 1 043 000,- til kr. 1 081 000,- for netto utgifter i 2015. Det er med dette lagt opp til ein auke i innslagsnivået på kr. 10.000,- utover prisjustering.*
- *Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2016 skal kommunane inntektsføra i sine rekneskap for 2015. Kommunane skal inntektsføra den pårekna kompensasjonen for det same året som utgiftene har vore.*

*Tilskot for psykisk utviklingshemma (16 år og eldre), som del av rammetilskotet, blir trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget. Eventuelle øyremerka tilskot blir også trekt frå be-rekningsgrunnlaget.*

***Inntektssystemet i 2016***
*Det vil kome eit høyringsnotat om inntektssystemet før jul. Inntektssystemet vil bli vurdert nærare i kommuneproposisjonen for 2017.*

*Inntektsutjamninga er 60 prosent av skilnaden mellom kommunane sitt skattenivå og gjennomsnittleg skattenivå for landet. Tilleggskompensasjon, for kommunar med lågt skatte-nivå, er*

*35 prosent av skilnaden mellom kommunen sitt skattenivå og 90 prosent av skattenivå for landsgjennomsnittet.*

*Overgangsordninga med inntektsgarantitilskot (INGAR) gir kompensasjon for ei utvikling i rammetilskotet meir enn kr. 300,- per innbyggjar under landsgjennomsnittet frå eit år til det neste. INGAR tek ikkje omsyn til endring i skatt, inntektsutjamning, veksttilskot og skjøns-tilskot.*

*INGAR tek omsyn til endringar i inntektssystemet, innlemming av øyremerka tilskot i rammeoverføring, oppgåveendringar, endringar i kriteriedata, bortfall av småkommunetilskot og nedgang i distriktstilskot.*

*Telletidspunkt for innbyggjartal og aldersfordelinga i utgiftsutjamninga som grunnlag for rammeoverføring i 2016 vil vere 01.07. i år. For inntektsutjamninga i 2016 er telletidspunktet innbyggjarar per 01.01.2016. For andre kriterium i utgiftsutjamninga enn aldersfordeling er telletidspunktet 01.01.2015 for rammeoverføring i 2016.*

*Småkommunetilskot*
*Kommunar med under 3200 innbyggjarar får eit småkommunetilskot, dersom kommunen sitt skattenivå er under 120 prosent av landsgjennomsnittet, i gjennomsnitt dei siste tre åra.*

*Det er ikkje lagt opp til å prisjustera småkommunetilskotet frå 2015 til 2016. Det vil seie at det er same nominelle tilskotsbeløp i 2016 som i 2015.*

*Veksttilskot*
*Det er lagt opp til ein auke i det samla veksttilskotet til kommunane. Dette blir gjort ved å redusera minstenivået for å få tilskot frå 1,6 prosent til 1,5 prosent. Kommunane må ha hatt, på same måte som for 2015, ein årleg gjennomsnittleg folkevekst i dei siste tre åra over minste-nivået for å få tilskot.*

*Tilskotet blir for kvar innbyggjar utover dette minstenivået prisjustert frå kr. 55.000,- i 2015 til kr. 56.485,- i 2016.*

*Kommunane må ha eit skattenivå under 140 prosent av landsgjennomsnittet, i årleg gjennom-snitt dei siste 3 åra, for å få veksttilskot.*

*Distriktstilskot*
*Distriktstilskot for Sør - Noreg blir gitt med ein sats per kommune og ein sats per innbyggjar, begge delar differensiert etter distriktsindeks. Jo lågare indeks, jo større distriktsmessige ut-fordringar. Kommunane må ha distriktsindeks mellom 0 og 46 for å få tilskot.*

*Kommunane må ha eit skattenivå under 120 prosent av landsgjennomsnittet, i årleg gjennom-snitt dei siste 3 åra, for å få distriktstilskot.*

*Endring arbeidsgivaravgift*
*Frå 01.juli 2014 blei 31 kommunar i landet tilbakeførte frå sone 1 til sone 2 for arbeidsgivar-avgift. I Hordaland omfatta det kommunane Tysnes, Jondal og Kvinnherad. Desse kommun-ane har i 2015 fått eit trekk i rammetilskotet lik utrekna reduksjon i arbeidsgivaravgift. Det er lagt opp til at dette trekket i rammetilskotet blir trappa ned over fem år frå og med 2016.*

*Skjønstilskot*
*Fylkesmannen vil senda grunngjevinga for fordelinga av det ordinære skjønstilskotet for 2016 til kommunane.*

*Kr. 400 mill. i årleg skjønstilskot blei innført frå og med 2011 til kommunar som årleg taper meir enn kr. 100,- per innbyggjar på endringane i inntektssystemet frå det same året. Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har gjort utrekning med fordelinga av tilskot mellom kommunane. Det kjem i tillegg til Fylkesmannen si fordeling av skjønstilskot. Fordelinga ligg fast med same årlege tilskotsbeløp til neste revisjon av kostnadsnøklane i inn-tektssystemet.*

***Flyktningar og integrering***
*Det er for 2016 framlegg om å styrka integreringstilskotet med kr. 50 mill. i ekstratilskot til kommunar ved busetjing av flyktningar. Kriteriet for å få dette tilskotet er at kommunen i 2016 buset fleire enn det dei blei oppmoda om i 2015. Tilskot blir gitt med kr. 50.000,- for kvar person kommunen buset utover dette i 2016.*

*Det er framlegg om å styrka det særskilte tilskotet for busetjing av einslege, mindreårige flyktningar med kr. 25 mill. Tilskot blir utbetalt til kommunane når einslege, mindreårige flyktningar blir busett. Det er framlegg om å auka tilskotssats frå kr. 191.300,- i 2015 til kr. 207.000,- i 2016.*

*Regjeringa vil leggje fram ein tilleggsproposisjon for 2016 - budsjettet i haust som følgje av det høge talet på asylsøkjarar.*

***Kommunereform***
*Vi har i vårt brev av 19. mai d.å. om kommuneproposisjonen omtalt dei økonomiske verke-midla i reformperioden. Det er ikkje lagt opp til endringar når det gjeld dette.»*

## 4. Rådmannen sine kommentarar

Rådmannen har fylgjande kommentarar til nokre av punkta i skrivet frå Fylkesmannen.

**Skatteanslag**
I skrivet frå Fylkesmannen står det at kommunane må justera for lokale tilhøve knytt til skatteutviklinga. Rådmannen tilrår at skatteanslaget frå revidert nasjonalbudsjett for Austrheim sitt vedkomande vert nedjustert med 10 million frå 94 763 000 kr. til 84 763 000 kr.

Frie inntekter
Nominelt aukar dei frie inntektene med 3,7 mill. kr. Dette utgjer ein vekst på 4,6 % mot 4,3 % berekna i Statsbudsjettet.

**Tiltakspakke for auka sysselsetjing.**
Tilskotet er øyremerka vedlikehald og rehabilitering av skular, sjukeheimar og omsorgsbustader. Austrheim kommune får 277 000 kr som rådmannen ynskjer skal nyttast til ei oppgradering av garderobar og dusjar på gymanlegget ved Kaland skule.

**Ny naturfagtime på 5-7 trinn.**
Skulane skal auka timetalet på mellomtrinnet med 1 time frå august 2016. Med denne auken vil timetalet på trinna sjå slik ut:

| Trinn | Undervisningstimar pr. veke |
|---|---|
| 1-3 | **24** veketimar |
| 4., 5. og 6. klasse | **28** (får 13 fri-fredagar) |
| 7 kl | 28 + 1 naturfagtime = **29** ( får 7 fri-fredagar) |
| 8-10 | **30,5** veketimar. Valfag fører til ein auke med 0,5 t/v som skal takast på kveld/helg. |

**Rentekompensasjon skulebygg og symjeanlegg.**
Dette er ordningar styrt gjennom Husbanken. Kommunane får stilt lånemidlar til rådvelde og får kompensasjon for renter på låna berekna over 20 år. 2016 er siste året denne ordninga varer. Austrheim skal nytta den siste summen på 3,16 mill kr. til oppgraderinga av Årås skule. Frå tidlegare har Austrheim brukt tilsaman 8,4 mill kr frå 2002 til 2015.

Prosjekta Austrheim har nytta midlar på er:

| | | |
|---|---|---|
| 2002 | Kaland, utbetring symjehall | 3 126 238 kr |
| 2004 | Årås, utbetring ventilasjon | 236 509 kr |
| 2004 | Kaland, vedlikehald veggar og tak | 705 828 kr |
| 2006 | Årås, personalrom | 1 085 655 kr |
| 2009 | Kaland, Solavskjerming og ventilasjon | 3 250 000 kr |
| Austrheim har brukt hittil | | 8 404 230 kr. |

Det er søkt om restbeløp til utbetring Årås skule 2015 på 3 163 780 kr.
Når det prosjektet får utbetalinga, har Austrheim nytta alle midlar, 11,5 mill kr. som er stilt til rådvelde i ordningane.

**Helse og omsorg.**

Øyeblikkelig hjelp

Dette er plikta kommunane har til å tilby øyeblikkeleg hjelp. Dette er løyst gjennom ØH-posten ved Legevakta i Knarvik. Frå og med 2016 er finansieringa trekt inn i rammetilskotet. Summen for Austrheim er sett til 777 000 kr. Belegget på ØH-sengene har vore om lag 40 % i 2015.

Dagtilbod demente.

Austrheim kommune har hatt dagtilbod for demente som eit tilbod dei siste åra. Vi har fått øyremerka tilskot til føremålet. Desse midlane kan ikkje nyttast til lønn.

Sjukeheimar og omsorgsbustader

Denne ordninga gjev tilskot på 45 % av investeringa i omsorgsbustader. I 2016 vil Austrheim starta bygginga av omsorgsbustadene på Kaland.
Austrheim bør og starta planlegging for ein auke i omsorgsbustader for å gi tilbod til eldre som ynskjer å flytta i ein servicebustad.

Ressurskrevjande tenester

Denne ordninga gjev Austrheim ca. 7,37 mill. kr. i 2016.

Flyktningar og integrering

Austrheim har vedtatt å ta i mot flyktningar til og med 2016. I vedtaket vart det sagt at ein skulle ta opp til ny vurdering dersom det ville koma auka tal syriske flyktningar til landet. Fylkesmannen har signalisert at det vil koma førespurnad om at kommunane aukar mottak av flyktningar. Kommunestyret vil på nyåret måtta ta stilling til dette for Austrheim sitt vedkomande.

# 5. Økonomisk oversikt historisk.

Historikk 2006-2014. Økonomiske oversikter i heile 1000 kr.

| Økonomiske oversikter Hele 1000 kr | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 | 2009 | 2 008 | 2 007 | 2006 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Økonomisk oversikt - drift | Regnskap | Regnskap | Regnskap | Regnskap | Regnskap | Regnskap | Regnskap | Regnskap | Regnskap |
| **Driftsinntekter** | | | | | | | | | |
| Brukerbetalinger | 13 036 | 12 407 | 12 297 | 12 050 | 11 328 | 10 795 | 10 460 | 9 353 | 8 470 |
| Andre salgs- og leieinntekter | 14 607 | 14 213 | 13 436 | 12 870 | 12 176 | 11 665 | 11 001 | 11 539 | 8 672 |
| Overføringer med krav til motytelse | 37 238 | 41 005 | 39 919 | 37 164 | 44 413 | 40 391 | 37 551 | 50 932 | 31 246 |
| **Rammetilskudd** | **70 529** | **68 234** | **65 401** | **61 407** | **39 020** | **39 676** | **32 676** | **30 815** | **25 058** |
| Andre statlige overføringer | 6 480 | 2 073 | 1 511 | 1 683 | 4 005 | 4 831 | 4 376 | 4 350 | 3 955 |
| Andre overføringer | 100 | | 3 | 11 | 15 | 8 | 5 | 6 | 4 |
| **Skatt på inntekt og formue** | **84 590** | **84 311** | **81 797** | **75 512** | **78 176** | **69 157** | **61 305** | **57 725** | **58 343** |
| Eiendomsskatt | 12 608 | 12 608 | 11 354 | 12 949 | 12 814 | 13 279 | 7 429 | 8 078 | 7 116 |
| Sum driftsinntekter | 239 188 | 234 850 | 225 719 | 213 645 | 201 947 | 189 802 | 164 802 | 172 797 | 142 866 |
| Driftsutgifter | | | | | | | | | |
| **Lønnsutgifter** | 145 416 | 134 323 | 129 593 | 123 325 | 113 290 | 105 980 | 95 962 | 93 761 | 82 015 |
| Sosiale utgifter | 38 994 | 36 244 | 32 612 | 31 438 | 28 630 | 27 364 | 24 779 | 23 628 | 20 928 |
| Lønn og Sos Kostnader | 184 410 | 170 567 | 162 205 | 154 764 | 141 920 | 133 344 | 120 741 | 117 389 | 102 943 |
| Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon | 27 504 | 27 843 | 25 853 | 25 714 | 26 956 | 23 714 | 21 196 | 19 019 | 15 098 |
| Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon | 11 635 | 9 298 | 9 315 | 7 875 | 6 675 | 5 860 | 5 768 | 14 128 | 5 734 |
| Overføringer | 15 637 | 13 598 | 16 427 | 10 143 | 10 312 | 8 386 | 7 954 | 6 704 | 6 345 |
| *Avskrivninger* | *12 084* | *11 003* | *10 507* | *10 079* | *8 853* | *8 231* | *7 413* | *6 909* | *6 733* |
| Fordelte utgifter | | | | | | | | | |
| Sum driftsutgifter | 251 270 | 232 310 | 224 307 | 208 575 | 194 716 | 179 536 | 163 072 | 164 148 | 136 854 |
| Brutto driftsresultat | -12 082 | 2 541 | 1 413 | 5 069 | 7 231 | 10 267 | 1 730 | 8 649 | 6 013 |
| **Finansinntekter** | | | | | | | | | |
| Renteinntekter og utbytte | 5 283 | 5 367 | 5 787 | 5 819 | 4 939 | 5 478 | 6 697 | 4 896 | 3 633 |
| Mottatte avdrag på utlån | 57 | 108 | 101 | 153 | 446 | 212 | 260 | 242 | 437 |
| Sum eksterne finansinntekter | 5 340 | 5 475 | 5 888 | 5 972 | 5 385 | 5 690 | 6 957 | 5 138 | 4 070 |
| **Finansutgifter** | | | | | | | | | |
| Renteutgifter og låneomkostninger | 5 067 | 4 689 | 5 085 | 5 727 | 3 748 | 4 275 | 7 719 | 5 511 | 3 467 |
| Avdrag på lån | 7 312 | 8 864 | 8 068 | 7 698 | 6 308 | 5 133 | 4 603 | 4 415 | 3 818 |
| Utlån | 77 | 75 | 118 | 152 | 103 | 481 | 253 | 175 | 353 |
| Sum eksterne finansutgifter | 12 456 | 13 628 | 13 271 | 13 577 | 10 159 | 9 889 | 12 575 | 10 100 | 7 637 |
| Resultat eksterne finanstransaksjoner | -7 116 | -8 154 | -7 382 | -7 605 | -4 774 | -4 199 | -5 619 | -4 962 | -3 568 |
| *Motpost avskrivninger* | *12 084* | *11 003* | *10 507* | *10 079* | *8 853* | *8 231* | *7 413* | *6 909* | *6 733* |
| Netto driftsresultat | -7 114 | 5 391 | 4 537 | 7 544 | 11 310 | 14 299 | 3 525 | 10 596 | 9 178 |
| **Interne finanstransaksjoner** | | | | | | | | | |
| Bruk av tidl. års regnsk.m.mindref. | 12 | 5 895 | | | | | | | |
| Bruk av disposisjonsfond | 2 752 | 369 | 6 065 | 302 | 1 533 | 350 | 400 | 100 | |
| Bruk av bundne fond | 2 074 | 647 | 998 | 768 | 1 805 | 458 | 1 219 | 1 829 | 329 |
| **Sum bruk av avsetninger** | 4 838 | 6 910 | 7 063 | 1 069 | 3 908 | 808 | 1 628 | 3 230 | 440 |
| Overført til investeringsregnskapet | 50 | 4 934 | 4 562 | 5 799 | 11 079 | 7 898 | 1 166 | 6 771 | 660 |
| Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk | | | | | | | | 2 676 | 5 879 |
| Avsatt til disposisjonsfond | 12 | 5 904 | 134 | 2 588 | 3 543 | 4 300 | 1 792 | 2 442 | 100 |
| Avsatt til bundne fond | 2 802 | 1 451 | 1 009 | 226 | 596 | 2 340 | 2 195 | 566 | 1 677 |
| Avsatt til likviditetsreserven | | | | | | | | 1 362 | |
| Sum avsetninger | 2 864 | 12 289 | 5 705 | 8 613 | 15 218 | 14 537 | 5 154 | 13 817 | 8 316 |
| Regnskapsmessig mer/mindreforb | -5 140 | 12 | 5 895 | 0 | 0 | 570 | 0 | 9 | 1 301 |

*Figuren viser hovudpostar i rekneskap for åra 2006 – 2014*

# 6. *Prosjektet «Kutt i drifta med fokus på kvalitet.»*

**Kostnadskutt.**
«Kutt i drifta med fokus på kvalitet.»

Dette er eit innsparingsprosjekt som vart sett i gang i gang i mai 2015. Bakgrunnen var den store svikten i skatteinntektene og aukande arbeidsløysa. Prosjektet er organisert gjennom rådmannsgruppa. Dei tillitsvalde er trekt inn frå første oppstart. Fylgjande ting vert vektlagt.

1. Ingen skal verta sagt opp
2. Alle stillingar som vert ledige skal vurderast i ei gruppe beståande av rådmannsgruppa, personalkonsulenten og to tillitsvalde. Aktuelle avdelingsleiar har og høve til å møta når stilling i deira avdeling skal vurderast.
3. Siktemålet er å ha ei balansert økonomisk drift med årlege rekneskapsoverskot rundt 1,75 %.
4. Rådmannen legg opp til at underskotet for 2015, skal vera betalt ned innan 2019.

I starten av 2015 budsjettet vart fylgjande kutt gjennomført:

- Oppseiing av vaskeavtale av uniformar for PLOMS frå årsskiftet 14/15
- Reduksjon i betaling for plass i AUFERA frå årsskiftet 14/15
- Reduksjon i lærarstilling Årås skule frå august -15
- Redusering assistent stilling Årås skule frå august -15
- Reduksjon stillingar Kaland barnehage frå august -15

Desse tiltaka gav ei innsparing på om lag 1,7 mill. kr.

I tillegg har fylgjande vorte gjort i løpet av året 2015.

- Kutt stilling teknisk drift
- Kutt stilling Arbeidssenteret
- Nedlegging av ei avdeling, stilling som psykolog vart stilt vakant
- Reduksjon i vikarbruk i Nordliheimen på grunn av færre bebuarar
- Generell mindre bruk av vikar i heile organisasjonen
- Reduksjon i stillinga som prosjektleiar AHL.
- Forlenga avdragstida på dei kommunale låna til 30 år.
- Lågare rente på lån med binding av renta.

Desse tiltake gav ei innsparing på 1,45 mill. kr. I tillegg kjem innsparte vikarutgifter som er vanskeleg å berekna.

Dei tiltaka som er gjort på bemanning i løpet av 2015, gjer at lønnsbudsjettet no ser ut til å gå med litt under ein million i overforbruk ved årsskiftet. I juni låg prognosen 3,9 million kr. over budsjett. Tiltaka har verka!

**Kutt rådmannen vil gjera i budsjett for 2016.**

Rådmannen har lagt inn fylgjande kutt i budsjettet:

- Redusere tal plassar på Nordliheimen frå 34 til 28.
    - Dette kan gjennomførast fordi det i 2015 i periodar har vore opp til 10 ledige plassar.
    - Sei opp turnusplanen og redusera bemanning på yrkesdagar med 1 tidleg-vakt og 1 på ettermiddag. Potensiell innsparing 1,1 million kr.
- Stenge bassenget på Kaland
    - Innsparing 300 000 kr. i reinhald
    - Innsparing 250 000 kr. i straum og vedlikehald
- Redusere med 1 lærarstilling og 0,7 assistentstilling frå 1. august Årås skule
    - Innsparing 410 000 kr.
- Redusere timar ved Kaland skule og redusert lønnsnivå på grunn av pensjonering frå 1. august.
    - Innsparing 400 000 kr.
- Kutte i tilskota som kulturavdelinga har til utdeling.
    - Innsparing 548 000 kr.
- Kutte i budsjettposten for Ungdomsrådet
    - Innsparing 90 000 kr.
- Kutte i bruk av konsulentar i barnevernet
    - Innsparing 300 000 kr.
- Kutte i drift av Arbeidssenteret
    - Innsparing 579 000 kr.
    - Rådmannen vil i løpet av 2016 drøfta innspelet frå AUFERA AS om eventuell overtaking av Arbeidssenteret for å byggja opp ei AUFERA-avdeling Austrheim
- Reduksjon i tilboda gjennom Heimeteneste II
    - Innsparing 496 000 kr.
- Avslutte samarbeidet om felles næringssjef med Lindås
    - Innsparing 400 000 kr. Dette prosjektet hadde som føresetnad at det skulle slutte ved årsskiftet 2015-2016 og vert ikkje forlenga på grunn av økonomi.
- Prosjektet «Austrheim heile livet» er avslutta som føresett. Prosjektet skulle vare ut 2015.
    - Innsparing 350 000 kr.
- Tilflyttarprosjektet er avslutta som føresett.
    - Innsparing 125 000 kr.

Samla utgjer desse kutta 5,338 mill. kr.

Desse tiltaka som er lista opp ovanfor, er positive tiltak som innbyggjarane vil merke når dei opphøyrer. Rådmannen meiner at ein del av desse tiltaka må vera mellombels. Kutta vert gjort for å få balanse i drifta grunna sviktande skatteinntekter. Rådmannen legg opp til at i løpet av økonomiplan-perioden skal kutta i Nordliheimen, bassenget, skulane og kultur reverserast. For å kunne gjere det, må ein halde fram med kutt i driftsnivået på andre ansvarsområde.

## 7. Rådmannen sine kommentarar til dei einskilde ansvarsområda.

**Ansvar 100 - Rådmannen:**
Valutgifter 150 000 kroner og jubileumsgåve til Austrheim kyrkje 200 000 kr., er tatt ut av budsjett i 2016, siden begge var avvikla i 2015. Den totale auken i avdelinga vert 525 000 kr. Auken skuldast bl.a lønn og tilskudd til Austrheim sokn.

**Ansvar 101.**
På dette ansvarsområdet er godtgjersle til ordførar og andre politikarar ført. I tillegg ligg budsjett for desse her:

- Ungdomsrådet
- Stønad til dei politiske partia
- Kontrollutvalet
- Frikjøp tillitsvalde
- Eldreråd
- Revisjon

Det er ein moderat auke på avdelinga med 65 000 kr. som skuldast revisjon og løn ordførar.

**Ansvar 190.**
Fylgjande ligg i dette ansvarsområdet:

- Lærlingar
- Servicekontoret

Det er ikkje nokon særleg auke på ansvaret i 2016. Dette vil sei at vi heldt lærlingar og servicekontor omlag på same nivå.

**Ansvar 200 – Administrasjon undervisning:**
Området femnar om utviklingsprosjekt for skulane og barnehagane, etterutdanningsprosjekt for lærarane, morsmålsopplæring og vaksenopplæring.
Det er lagt inn 971 000 som auke i driftsramme. Dette skuldast i hovudsak at integreringstilskotet ikkje er budsjettert direkte på avdelinga i 2016. Førre år vart dette tilskotet ført direkte på avdelinga.

Heile tilskotet som gjeld flyktningar for 2016, vert budsjettert på avdeling 900 som er eit felles ansvarsområde.

**Ansvar 201 – PPT og barnevern:**
Ansvarsområdet er omorganisert frå å kallast Familiekontor, til å heite PPT og barnevern. Fleire stillingar er derfor ført over til Helseteneste og forklarer nedgangen i ramma. I tillegg er det rekna med at konulentbruken innan barnevernet vil gå ned i 2016.

**Ansvar 210 – Årås skule/SFO:**
Det er lagt inn ein reduksjon på 460 000 kr. Dette skuldast reduksjon i stillingar hausten 2016.

**Ansvar 211 – Kaland skule/SFO:**
Her er det også lagt inn ein reduksjon i ramma på 441 000 kr. det gjeld reduksjon i stillingar og lønnsnivå til hausten.

**Ansvar 220 – Austrheim Kystbarnehage:**
Vert om lag på same nivå som budsjett 2015.

**Ansvar 221 – Kaland barnehage:**
Ramma vert auka med 565 000 kr. Dette skuldast i hovudsak nedgang i brukarbetalingar og refusjon frå andre kommunar.

**Ansvar 250 – Kulturskule**
Det er lagt inn ei auke på 115 000 kr. Stort sett gjeld dette løn.

**Ansvar 251 – Bibliotek**
Ramma er auka med 51 000 kr. Skuldast i hovudsak nedgang i refusjon frå fylkeskommunen.

**Ansvar 255 – Anna kultur**
Midlar til kulturlandskap vert vidareført med 50 000 kr. Ellers er ramma redusert med 398 000 kr. Dette skuldast overføring/tilskot til private. Inni denne summen ligg kulturmidlar, Havsportveka, turstiar og dugnad ved større arrangement.

**Ansvar 290 – Undervisnings- og arbeidssenter:**
Ramma er redusert med 579 000 kr. Reduksjonen gjeld løn ved naturleg avgang. Dei tilsette vert ikkje erstatta, men arbeidet vert overtatt av personale frå bustadene.

**Ansvar 300 – Administrasjon helse- og sosial:**
Midlar til budstadtilskot vert vidareført innafor ei samla ramme på 577 000 kr.

**Ansvar 301 – Helseavdelinga:**
Ramma er auka med ca 3,5 millionar kr. Dette skuldast omorganisering av Familiekontoret der helseavdelinga har fått overført fylgjande stillingar: jordmor, helsesøster, psykiatrisk sjukepleiar og psykolog. I tilegg er det tatt høgde for å styrke avdelinga med ein ny lege for å avvikla opptent permisjon for dagens legar.

**Ansvar 302 – NAV/Sosiale tenester:** Rådmannen vidarefører at alle inntekter frå flyktningar skal førast på rammeområde 900, der bl.a skatteinntekter og rammetilskudd blir ført. Auken i ramma gjeld i hovudsak integreringstilskot til flyktningar og tilskot til livsopphald.

**Ansvar 330 – Nordliheimen**
Ramma er redusert med ca 400 000 kr. Det er tatt høgde for å leggja ned sengepostar.

**Ansvar 331 – Kjøkken (herunder Vaskeri)**
Ramma auker med 98 000 kr. Dette er ein normal auke.

**Ansvar 332 – Heimeteneste I**
Dette ansvarsområdet var sterkt underbudsjettert i 2015 og det er derfor lagt inn ein auke på nærare 800 000 kr. i 2016.

**Ansvar 333 – Heimeteneste II**
Ramma er redusert med ca. 0,5 million kr. Årsaka er kutt i lønskostnader og personale.

**Ansvar 500 – Plan, byggesak, miljø**
Dette ansvarsområdet har ein auke i underkant av 0,5 million kr. Årsaka til auken er reduksjon av inntekter og auke i lønskostnader.

***Ansvar 501 – Interkommunal landbruk/veterinær***Dette ansvarsområdet er eit samarbeid mellom kommunane Austrheim, Fedje og Radøy. Tildelt ramme for 2016 er auka med 225 000 kr. Auken gjeld i hovudsak midlar som er løyvd tidligare, men ikkje utbetalt eller sett av i rekneskapet.

**Ansvar 600 – Tekniske tenester**
Ramma er redusert på grunn av forventa auke i gebyrinntektar.

**Ansvar 604 – Bygg og anlegg**
Dette ansvarsområdet får ei redusert ramme på 325 000 kr. I hovudsak gjeld dette stenging av basseng på Kaland skule.

**Ansvar 605 – Reinhald**
Dette ansvarsområdet var underbudsjettert i 2015 når det gjeld reinhaldarar. I budsjettet for 2016 er det derfor tatt høgde for ein auke i løn for reinhaldarane, men samstundes er løna redusert på grunn av stenging av basseng på Kaland skule. Stenginga fører ikkje til oppseiing av personale fordi avdelinga har andre stillingsheimlar dei tilsette kan gå inn i.

**Ansvar 800 Tilleggsløyvingar – Næringsutvikling**
Løyvinga til næringsutvikling var bunde opp til den felles satsinga saman med Lindås kommune. I 2016 er det kun lagt inn midlar til industriinkubator, 125 000 kr.

**Ansvar 801 – Tilleggsløyvingar formannskapet:**
**Formannskapet** si løyving står med ei ramme på 250 000 kr.

**Ansvar 802 Tilleggsløyvingar - Kommunestyret**
**Kommunestyret** si løyving står med 300 000 kr. Dette er reduksjon med 51 000 kr. i forhold til året før.

**Ansvar 803 Tilleggsløyvingar – Rådmann**
På dette ansvarsområdet er ført fleire større og mindre driftspostar.

Postar som er registrert i 2016 er fylgjande:

| | |
|---|---|
| • Næringsforum | 50 000 kr. |
| • Kurs og velferdsmidlar | 225 000 kr. |
| • Diverse seniortiltak og arbeidsmiljøtiltak | 100 000 kr. |
| • Kulturdagar | 50 000 kr. |
| • Effekt av seniortiltak/sluttpakkar | 200 000 kr. |
| • Arbeidsmiljøtiltak | 100 000 kr. |
| • Eigendel prosjektarbeid | 50 000 kr. |
| Samla sum | 775 000 kr. |

**Ansvar 804 Tilleggsløyvingar – Til ordførar sin disposisjon**
Summen på 50 000 kr. vert vidareført.

**Ansvar 899 – Andre overordna utgifter og inntekter:**
Det er vedteke eit årleg tilskot på kr. 200 000 kr. til Furuly eldresenter til bygging av dei siste 4 omsorgsbueiningane. 2013 var første året dette tilskotet vart ytt. Kompenasjonstilskotet til Sætremarka Burettslag vert ført her med 200 000 kr. Premieavviket på KLP vert ført som ei inntekt i dette ansvarsområdet, mot ei utgift på art 15404.

## 8. Utvikling i netto driftsresultat:

Oppsummert viser rådmannen til tabellen på side 11, der utvikling i netto driftsresultat er synleggjort.
Oppsettet over netto driftsresultat viser denne utviklinga:

| År | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 | 2009 | 2008 | 2007 | 2006 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Resultat | -3% | 2,3% | 2,0% | 3,5% | 5,6% | 7,5% | 2,13% | 6,13% | 6,4% |

Som det går fram av denne tabellen, har Austrheim kommune hatt relativt gode netto driftsresultat fram til 2014, då driftsresultatet blei neagtivt med ca. 7,1 millioner kr. Også i 2015 vil netto driftsresultat bli negativt.
Målet er å hente inn igjen underskota i løpet av ein 5 års periode. Dette går fram av økonomiplanen.

**Gjeld og rentenivå:**
Pr. 01.01.15 hadde Austrheim kommune 39 080 011 kr. i forvaltningslån og 196 628 560 kr. i eigne lån gjennom Kommunalbanken. I dag ligg Husbanklåna på ca. 2,1% rente medan låna i Kommunalbanken ligg på 1, 55% rente. Her har vi bunde renta for 3 år i åra 2015, 2016 og 2017.

Snittnivået på lånerenta i Kommunalbanken har på 2000-talet vore svært varierande:

- 2008 = 6,0%
- 2011 = 2,9%
- 2013 = 2,2%
- 2014 = 2,2%
- 2015 = 1,55 %

Norges Bank sine siste rentesignal tyder på at dagens rentenivå vil halda seg i åra framover.
Både renteutgifter- og inntekter i økonomiplanen er etter dette basert på følgjande snittrentenivå:

- 2013: 3,75%
- 2014: 2,20%
- 2015: 2,00%
- 2016: 1,70%
- 2017: 1,70%

I åra 2018 - 2020, har vi gradvis auka rentene. Kvar 0,5 % auke utgjer om lag 1,0 mill. i endra renteutgifter. For 2016 er det budsjettert med ein rentesats på 1,7 %.

## 9. Investeringar 2016.

Rådmannen føreslår ei samla investering på 8,85 mill. kr. i 2016. Det er det lågaste investeringa på fleire år. Grunnen er den alvorlege svikten vi opplever i skatteinntektene.
Fylgjande investeringar ligg inne:

- Skulane treng årlege IKT-investeringar, og det vert øyremerkt 150 000 av den årlege IKT-løyvinga til dette føremålet.
- Der lagt inn 150 000 til anna IKT-investering i kommunen.
- Det er lagt inn kr. 400.000,- til investering gjennom IKT- Nordhordland.
- 100 000 er sett opp til diverse innkjøp av kart og dataprogram for plan, oppmåling og byggsak.

- Nordliheimen får 0,6 mill kr. til å setja opp lager for ein del av det som i dag ligg lagra i Kanserdalen.
- Nordliheimen frå 0,5 mill kr. til ei oppgradering av garderobane.
- Det er sett av 1,5 million til VVA. I tillegg stod det 1 mill kr. på 2015 budsjettet som er tenkt nytta til pumpestasjonen i Åråsvågen.
- Programmet for vedlikehald av skulane skal gå vidare
    - Det er sett opp med 1,0 million kr på Kaland, 277 000 av desse er Regjeringa sine tildelte sysselsetjingsmidlar. Midlane er tenkt å nytta til oppussing av garderobeanlegga.
    - Det er lagt inn 0,5 mill kr på Årås skule. Dette er tenkt å nytta for utskifting av golvbelegg. Ein del av belegga på skulen er 35 år gamle og er tunge å reinhalde.
- Oppgradering Kaland barnehage er sett opp med 0,5 mill kr. Det skal og planleggast korleis ei eventuell utbygging av barnehagen kan gjerast.
- Omsorgsbustadene på Kaland var sett opp med 2 mill. i 2015, det ligg inne 5 mill. i 2017 og 2 mill kr. i 2018.
- Det er sett av 0,75 million til utbygging av breiband. Dette kjem i tillegg til 3,0 million statlege midlar. I 2014/15 har BKK-fiber hatt slik utbygging. Det skal lysast ut anbod på fiber til fleire bygder i kommunen.
- På området tekniske tenester er det sett av fylgjande:
    - Det er sett av 0,5 mill kr til generell byggutbetring
    - Asfaltering 0,5 mill kr.
    - Trafikksikring etter tiltak i trafikksikringsplanen får 0,5 mill kr.
    - Det er sett av 0,4 mill kr. til oppgradering av kaiar. I tillegg står det eit fond på 1,3 mill. kr til dette tiltaket.
- Det er lagt inn investeringstilskot til Soknerådet med 0,3 mill kr. Dette skal gå med på å dekka renter og avdrag på lånet til utbygginga av Leirvåg gravplass.
- Det ligg inne Startlån med 0,5 mill kr. Dette er midlar kommunen deler ut etter søknad til unge på bustadmarknaden. Det er Husbanken som stiller midlane til rådvelde.

Sum investeringar er 8,85 mill. kr. i 2016.

# *10. Vurdering*

<u>Kommunen har slikt mål for økonomien:</u>

Me vil at:

- Kvaliteten på tenestene skal oppretthaldast.
- Det skal arbeidast for eit stabilt driftsresultat på minimum 3% av samla driftsinntektekter.
- Det skal fokuserast på prosjektarbeid og nye metodar for oppgåveløysing. (*Dette målet er seinare endra til 1,75 % av Departementet, red. merk.)*
- Det skal fokuserast på rasjonalisering og effektivisering innan betaling, sakshandsaming og informasjon.

<u>Dette vil me få til gjennom å:</u>

- Vidareføra god kontroll med økonomien og økonomiplanlegginga.
- Fokusera på effektivisering og rasjonell drift med bruk av elektronisk betaling, sakshandsaming og informasjonssystem.
- Syte for naudsynt investering i eksisterande bygg og anlegg.

- Halde budsjettrammene frå 2015 – 17 på om lag på same nivå som for 2014.
- Ta høgd for mogeleg renteauke framover.
- Integrera handlingsdelen til kommuneplanen i økonomiplanen og oppdatera denne kvart år for betre målstyring.

I 2015 har avdelingsleiarane og dei andre budsjettansvarlege utarbeida månadlege budsjettrapporteringar til rådmannen. Desse rapportane har gjeve grunnlag for vidarerapportering til formannskapet. Dette har ført til god budsjettstyring.
I tillegg er det utarbeida 2 tertialrapporter med budsjettjustering til formannskap og kommunestyre. Dette er i samsvar med kommunen sitt økonomireglement.

I 2015 starta rådmannen eit treårig prosjekt med fokus på nedskjering i aktiviteten. I løpet av året såg rådmannen at denne perioden må forlengast med to år. Prosjektet vert drive i samarbeid med avdelingsleiarane og dei tillitsvalde. Rådmannen jobbar kontinuerleg med dette prosjektet.
I budsjettet for 2015 vart det lagt inn reduksjon i verksemda med om lag kr. 1.7 millionar kr. og i løpet av 2015 er det sett i verk innsparingstiltak med totalt kr. 1,45 millionar kr.

I rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2016 er det lagt inn innsparingstiltak som samla utgjer kr. 5,338 mill. kr.

**Totale innsparingar i 2015 og budsjettet for 2016 er 8 488 000 kr**

Nedskjeringane vil medføre at i 2016 må administrasjonen også ha ekstra fokus på økonomistyring.

Den totale budsjettramma for dei einskilde ansvarsområda for 2016 er auka med 1,4 % i høve til revidert budsjett for 2015. Dette er i hovudtrekk løns- og prisvekst for dei tiltaka som er vidareført i budsjettet.

## *11. Økonomiplanen 2016 – 2020*

Budsjettrammene i økonomiplanen for perioden 2016 – 2020 er auka med 1,4 % i høve til revidert budsjett for 2015. Eigedomsskatten er lagt inn med ein auke i heile perioden.
Gjennomsnittrenta er for åra 2016 og 2017 1,7 %. I 2018 til 2020 er renta heva til 2,0 %. Slik utviklinga i økonomien er, kan renta halde seg stabil i heile perioden.
Rasjonalisering av drifta er på gang, men fokus på dette må opprettaldast i perioden.
Det er mange utfordingar i drifta der krav til utbygging av eldretenesta er mest påtrengande. Særleg er det behov for utbygging av heimetenestene knytt til eldre og behovet for tilrettelagte, rimelege og sentrumsnære senior- og omsorgsbustader ved kommunesenteret og på Kaland/Fonnes.

Austrheim kommune har satsa og må satsa, spesielt på oppvekstsektoren.
Gode barnehagar, gode kultur- og fritidstilbod og gode skular er grunnsteinane i det å få til ein god oppvekstkommune. Problemet vert å oppretthalde desse tilboda i økonomiske nedgangstider, men det vert jobba godt i å utvikla alle desse delane av organisasjonen.

Kommunen har satsa stort på vedlikehalds- og rehabiliteringsprogrammet for skulane, men store oppgåver ligg framfor oss på dette området. I tillegg er det store utfordringar framover innanfor VVA, både med utbygging og oppretthalding av det eksisterande nettet som har behov for rehabilitering. Dette vert synleggjort gjennom stadig lekkasjar og skadar på det eksisterande nettet.

Rådmannen vil vektleggja at den kommunale organisasjonen har store oppgåver framføre seg i

økonomiplanperioden. Dagens godt fungerande organisasjon har gode føresetnader for å gripe fatt i dette på ein god måte.

## 12. Konklusjon – Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Eg rår til fylgjande vedtak:

1. Budsjett 2016 – Økonomiplan 2016-2020, vert tilrådd slik det ligg føre i vedlagde tabelloppsett, med fylgjande endringar på driftsrammene for dei einskilde åra:

| Rammeområde | | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | |
| | | | | | | |

2. Total ramme for 2016 til fordeling drift vert 178 307 000 kr.

3. Nettorammene på dei einskilde ansvarsområda vert fastsett til:

(alle tal er oppført i 2016-kroner og er i 1000 kr.)

| Rammeområde | | 2 016 | 2 017 | 2 018 | 2 019 | 2 020 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 100 | Rådmann | 17 558 | 17 706 | 17 556 | 17 706 | 17 556 |
| 101 | Politisk styring og kontroll-organ | 3 455 | 3 455 | 3 455 | 3 455 | 3 455 |
| 190 | Interne serviceeiningar til fordeling | 4 754 | 4 354 | 4 354 | 4 354 | 4 354 |
| 200 | Adm.undervisning og kultur | 2658 | 2258 | 2258 | 2258 | 2258 |
| 201 | Barnevern/PPT | 7 277 | 6 977 | 6 677 | 6 677 | 6 677 |
| 210 | Årås skule | 22 711 | 22 961 | 23 211 | 23 211 | 23 211 |
| 211 | Kaland skule | 13 236 | 13 236 | 13 236 | 13 236 | 13 236 |
| 220 | Austrheim kystbarnehage | 12 900 | 12 900 | 12 900 | 12 900 | 12 900 |
| 221 | Kaland barnehage | 9 188 | 9 188 | 9 188 | 9 188 | 9 188 |
| 250 | Musikk og kulturskule | 1 722 | 1 722 | 1 722 | 1 722 | 1 722 |
| 251 | Bibliotek | 1 507 | 1 507 | 1 507 | 1 507 | 1 507 |
| 255 | Anna kultur | 2 056 | 2 256 | 2 406 | 2 406 | 2 406 |
| 290 | Undervisn./arbeids-senter | 1 078 | 1 078 | 1 078 | 1 078 | 1 078 |
| 300 | Adm. Helse/sosial | 577 | 577 | 577 | 577 | 577 |
| 301 | Helseteneste | 11 086 | 11 386 | 11 386 | 11 386 | 11 386 |
| 302 | Sosiale tenester | 7 687 | 6 987 | 6 087 | 5 387 | 4 687 |
| 330 | Nordliheimen | 21 596 | 21 596 | 22 596 | 22 596 | 22 596 |
| 331 | Kjøkken/vaskeri | 3 660 | 3 660 | 3 660 | 3 660 | 3 660 |
| 332 | Heimetenester I | 10 548 | 10 548 | 10 548 | 10 548 | 10 548 |
| 333 | Heimetenester II | 7 315 | 7 315 | 7 315 | 7 315 | 7 315 |
| 500 | Plan, byggesak, miljø | 2 593 | 2 643 | 2 643 | 2 643 | 2 643 |
| 501 | Interkomm.landbruk/ | 825 | 825 | 825 | 600 | 600 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | veterinær | | | | | |
| 600 | Tekniske tenester | -1839 | -2239 | -2 239 | -2 239 | -2 239 |
| 604 | Eigedomsavdeling | 9 053 | 9 213 | 9 378 | 9 378 | 9 378 |
| 605 | Reinhaldsavdeling | 5 370 | 5 520 | 5 670 | 5 670 | 5 670 |
| 800 | Tilleggsløyvingar-Næring | 125 | 500 | 500 | 500 | 500 |
| 801 | Tilleggsløyvingar-Formanns | 250 | 250 | 250 | 250 | 250 |
| 802 | Tilleggsløyvingar-K.styret | 300 | 300 | 300 | 300 | 300 |
| 803 | Tilleggsløyvingar-Rådmann | 775 | 725 | 725 | 725 | 725 |
| 804 | Tilleggsløyving - Ordførar | 50 | 50 | 50 | 50 | 50 |
| 899 | Andre overordna utg./innt. | -2 419 | -2 019 | - 1619 | - 1 619 | - 1 619 |
| 900 | Momsrefusjonsordninga | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | Overskot/Nedbet.undersk. | -1 180 | -6 305 | -1 668 | -2 400 | -2 115 |

4. Den totale investeringsramma for år 2016 vert sett til 8 850 000 kr., med fylgjande endring:

| Ansvar Tiltak | 2016 |
|---|---|
| 099 | |
| 099 | |

Den totale investeringsramma for 2016 vert då 8 850 000 kr.

Som vert finansiert som fylgjer:

| | |
|---|---|
| Ordinært låneopptak: | 5 773 000 kr. |
| Overføring frå drift-Investeringstilskot sokneråd | 300 000 kr. |
| Overføring frå drift-netto avdrag på utlån | 500 000 kr. |
| Tilskot rehabilitering skulebygg | 277 000 kr. |
| Sal av eigedomar | 2 000 000 kr. |

I tillegg vert det tatt opp fylgjande lån:

| | |
|---|---|
| Lån til vidare utlån | 500 000 kr. |

Vekta avdragstid på låneopptak for 2016 vert fastsett til 30 år

5. Måla for drifta vert vedteke slik dei går fram av kommuneplanen vedteke den 04.02.15.

6. Rådmannen utarbeider detaljbudsjett og resterande lovfesta hovudoversikter, med bakgrunn i gjevne driftsrammer.

7. a. I medhald av eigedomsskattelova §§3 første ledd bokstav c vert utskrivinga av eigedomsskatt på verk og bruk vidareført i 2016 med 7,0 promille, jfr. esktl § første ledd.

   b. For 2016 vert det utskriving av eigedomsskatt på anna næring jfr. ektl § 3 første ledd bokstav d med 7,0 promille.Føresetnaden er at takseringa av anna næring er ferdig innan 01.03.16.

c. Taksvedtekter for eigedomsskatt i Austrheim kommune vedtatt i kommunestyret den 17.12.15 skal gjelde for eigedomsskatteåret 2016, jfr. esktl § 10.

d. Utskriving av eigedomsskatt for skatteåret 2016 er basert på takster fastsett ved siste alminnelige taksering gjennomført i 2009 med seinare justeringar.

8. Marginavsetnad vert fastsett til 10% for 2016.

## *13. Vedlegg:*

Mål og visjonar frå kommuneplanen sin samfunnsdel som vart vedteke i Austrheim kommunestyre den 04.02.15. Desse skal rullerast kvart år i samband med vedtak av økonomiplanen sommaren 2016.

Visjon for utvikling og vekst
Ein visjon kan definerast som eit framtidig bilete av korleis Austrheim samfunnet skal bli. Visjonen kan vere eit utrykk for innbyggjarane sine ynskjer, verdiar, behov og draumar.

Vår visjon er:
**Eit livskraftig kystsamfunn, kjend for havsport, med pulserande tettstad og akive bygder.**

Hovudmåla er:
- Austrheim skal verte ein meir attrativ stad å bu, etablere bedrifter og besøkje.
- Austrheim skal utvikle seg til eit berekraftig og dynamisk område, i eller utanfor ei større kommunal eining.
- Austrheim skal utvikla seg vidare som eit livskraftig regionalt knutepunkt nord i Nordhordland.

Økonomisk rammer
Me vil at:

- Kvaliteten på tenestene skal oppretthaldast.
- Det skal arbeidast for eit stabilt driftsresultat på minimum 3% av samla driftsinntektekter.
- Det skal fokuserast på prosjektarbeid og nye metodar for oppgåveløysing.
- Det skal fokuserast på rasjonalisering og effektivisering innan betaling, sakshandsaming og informasjon.

Dette vil me få til gjennom å:

- Vidareføra god kontroll med økonomien og økonomiplanlegginga.
- Fokusera på effektivisering og rasjonell drift med bruk av elektronisk betealing, sakshandsaming og informasjonssystem.
- Syte for naudsynt investering i eksisterande bygg og anlegg.
- Halde budsjettrammene frå 2015 – 17 på om lag på same nivå som for 2014.
- Ta høgd for mogeleg renteauke framover.

- Integrera handlingsdelen til kommuneplanen i økonomiplanen og oppdatera denne kvart år for betre målstyring.

**Befolkningsvekst**

Me vil at:
Befolkningsveksten vert om lag slik som framskrive innbyggjartal(SSB).
Det vert auka fokus på moderne tenester og dialog med innbyggarane.
Det vert tilrettelagt for bustadbygging, og klyngetun i grendene.
Reglane for tiltak på eksisterande bustadtomter i LNF område vert forenkla.
Innbyggjarane får tilgang til ulik bruk av strandsona og kystnaturen.

Dette vil me få til gjennom å:
Realisera tiltaka i Bustadsosial handlingsplan.
Nytta eksisterande utbygd regulert bustadareal.
Opne for mindre tiltak utan dispensasjon for eksisterande bustader i LNF område. (KPL arealdel).
Fremja fortetting i eksisterande byggjemiljø i arealplanar.
Ha god dialog med grunneigarar, utbyggarar om mogelege utviklingområde.
Kartleggje funksjonell strandsone, lokale verdfulle friluftsområd og eigna stader for tilgang til sjø.
Etablere byggjegrense mot sjø i kommuneplanens arealdel.

**Tettstadutvikling**
Me vil at:
Austrheim kommunesentrum skal verte ein attraktiv og pulserande tettstad med urbane kvalitetar.
Austrheim kommunesentrum skal verte tydeleg kommunesenter og regionalt knutpunkt nord i Nordhordland.
Fonnes senter skal vera tyngdepunkt i utbygginga frå Nordre Fonnesvåg til Mongstadkrysset/Litlås.
At ein får til ei styrt utvikling av dei to knutepunkta i kommunen, med fokus på levande sentrum.

Dette vil me få til gjennom å:
Gjennomføra områderegulering for Austrheim kommunesenter.
Vidareføra arbeidet med sentrumsutvikling i "Austrheim heile Livet"
Kople arbeidet med områderegulering av Nordre Fonnesvåg til utbygging/regulering av områda vidare mot Mongstad.
Følgje målsettingane i gjeldande planstrategi.

**Kultur**
Me vil at:
Kommunen oppretthеld og styrkjer sitt kulturtilbod gjennom kulturaktivitetar og kunst- og kulturproduksjon.
Kommunen fremjar kystkulturen ogskapar attraksjonar gjennom å leggje til rette for bruk,vern og vedlikehald av kulturlandsskapet og kulturminne, som til dømes Hoplandskvernene, torvhus, steingardar, og prestebryggje.
Det vert lagt tilrette for og styrkjer det frivillige kulturlivet i kommunen.
Ein støttar festivalar som Havsportveka, Fonnesdagane, Landbruksdagen og vidareutviklinga av denne typen kulturaktivitet.
Alle innbyggarane skal oppleve at dei har eit tilbod som gjer det mogleg å vere fysisk aktiv i naturen, ved sjøen og i idrettsanlegg,uansett alder og behov.

Dette vil vi få til gjennom å:
Følgje opp tiltak og handlingsprogram i «Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2012-2020»
Vidareføra kulturdelen av « Austrheim heile livet» og støtta lokale kulturarrangement.
Utarbeida eigen kulturminneplan.
Utvikle eit kulturskulesenter og vidareutvikle « Ungdommens hus».
Etablera samlingar for oppbevaring, bevaring av kulturminne.
Gjera lause og faste kulturminne tilgjengelege for alle.

**Næring**
Me vil at:
Austrheim skal vere ein positiv kommune som gjev utviklingsrom for både nye og eksisterande bedrifter.
Austrheim kommune skal vere ein nasjonal kjend og attrativ turistdestinasjon som « hav- og kystkommune».
Talet på gjestedøgn og dagsbesøkjande skal auke.
Talet på bedrifter med fokus på havsport og reiseliv skal auke.
Mongstad skal vidareutviklast som eit internasjonalt leiande industri- kompetansecluster innan petroleum, energi og industri.
Ein Legg tilrette for ei positiv utvikling av landbruk og fiskerinæring.

Dette vil me få til gjennom å:
Gjennomføra tiltaka i "Strategisk Næringsplan" (felles for Austrheim og Lindås kommunar)
Gjennomføra tiltaka i handlingsprogram 2014-2017 i "Strategisk næringsplan, med fokus på reiseliv og havsport 2014-2025" .
Profilera havsportsaktivitetar, kultur og aktivitetstilbod, gjennom eit synleg og godt vertskap i kommunen.
Sikra gode utdanningstilbod i kommunen og arbeide for auke i tal lokale lærlingplassar.
Sikra areal til vidare næringsutvikling for alle næringar.
Implementera landbruksplanen i kommunal planlegging.

**Samferdsle og Infrastruktur**
Me vil at:
Vegnettet vert trygt og effektivt vegnett for mjuke trafikkantar.
Prosentdelen gåande og syklande aukar.
Kollektivdeenl i høve til regionale mål.
Det vert tilstrekkeleg breidbandskapasitet til bustad og næring.
Det er god dekning for mobiltelefon alle stader der det bur folk, langs med vegnettet og til sentrale utfartsstader i kommunen.

Dette vil me få til gjennom å:
Vera pådrivar for utbygging av gang og sykkelveg langs hovudvegen gjennom kommunen og alternativ sykkeltrase via Solend.
Gjennomføra detaljreguleringsplan for gang og sykkelveg Mastrevik-Kilstaumen og vidare til Lindås kommunegrense.
Arbeide for etablering av lokal bussrute « bussrute for eldre» og pendlingsruter til og frå Knarvik og Åsane.
Leggja til rette for kameratkøyring gjennom bygging av anlegg for « Park and ride».
Vera pådrivar for utbygging av fibernett og mobilnett.
Koordinera arealplanlegging med hovudplan for vass og avlaup, og landbruksplan.
Gjennomføra tiltak i trafikksikringsplan.
Oppretthalde båtrutenettet til og frå kommunen.

**Oppvekst og arbeid**
Kvalifisering og utdanning
Me vil at:
Austrheim kommune vert blant dei beste kommunane i landet på åutdanna nye fagarbeidarar.
Kommunen bidreg til at born/familiar får tidleg tilpassa hjelp i høve til lærevanskar som til dømes ADD/ADHD, dysleksi og utviklingshemming.
Læringsresultat for kommunen ligg over landsgjennomsnittet.
Den vidaregåande skulen vert oppretthalden og samstundes bidreg gode resultat til å heva statusen til denne.
Innvandrarar oppnår same deltaking i utdanning og samfunnsliv som andre innbyggjarar i kommunen.
Det vert lagt tilrette for å etablera fleire kompetansearbeidsplassar i kommunen.

Det vil me få til gjennom å:
Bidra til auka kompetanse hjå dei som arbeider med born og unge, og fremja kompetanseheving generelt.
Tilretteleggje for læring som gjev den kompetanse samfunnet treng.
Styrkje samarbeidet mellom skule og heim
Styrkje den vidaregåande skulen gjennom auka samarbeid
Vurdere skulestruktur og oppbygginga av denne.
Leggje tilrette for eit bredt spekter av aktivitetar for alle uansett funksjonsnivå, heile livet.
Vidareføra langsiktige tiltak i tråd med kommunen si Utviklingsmelding av 2013. (Realfag-satsing, PALS, La Linea )
Ha eit høgt tal eigne lærlingar, både vanlege lærlingar og TAF-lærlingar.

**Livskvalitet og deltaking**
Me vil at:
Alle innbyggarane i Austrheim kommune skal oppleve at dei har eit tilbod som gjer det mogleg å vere fysisk aktive i naturen, ved sjøen og i idrettsanlegg, uansett alder og behov.
Kommunen skal leve opp til visjonen «Austrheim heile livet» og legge til rette for eit allsidig miljø for aktivitet på arenaer som barnehage, skular, skulefritidsordningar, seniorsenter og sjukeheim.
Kommunen arbeidaer for at det skal verte ei permanent friluftslinje på Asutrheim vidaregåande skule.
Kommunen stimulerer for eit breiare spekter av lag, foreiningar og klubbar.

Dette vil me få til gjennom å:
Gjennomføra tiltaka i plan for Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2012-2020 og revidera denne i 2020.
Gje driftsstøtte til opplæringstiltak, samordning og samarbeid om trenarar, dirigentar, instruktørar o.l.
Ta med frivillige lag og organisasjonar i arbeidet med utviklinga av eit allsidig miljø for aktivitet.
Vidareutvikle ungdomsarbeidet gjennom « Ungdommens hus», ungdomskoordinator, ungdomsråd og frivillige organisasjonar.
Utvikle kulturskulen vidare, gje tilbod til fleire.
Oppretthalde og vidareutvikle seniorsenteret.
Leggje vekt på tilgjenge for alle( Universell utforming) samfunnsutviklinga.
Leggje til rette for, og samarbeide med « Inn på tunet»/ « Grøn omsorg» verksemder.

**Arbeid**
Me vil at:
Kommunen har eit arbeids og næringsliv som bidreg til auka arbeidsdeltaking.
At kommunen er med på å auke breidda av kompetanse og støtter opp om næringsutvikling som gjev mangfald i næringslivet.
Ein støtter arbeidsmarknadstiltak som gjer det mogeleg for personar med nedsett arbeidsevne å arbeide.
Maritim næring vert oppretthalden og vidareutvikla.
Sysselsetting i landbruket vert oppretthalden.
Det vert auke i landbruksareal i drift.

Dette vil me få til gjennom å:
Gjennomføra tiltaka i "Strategisk Næringsplan for Lindås og Austrheim 2011 - 2020".
Gjennomføra tiltaka i handlingsprogram 2014-2017 i "Strategisk næringsplan, med fokus på reiseliv og havsport 2014-2025" og revidera handlingsprogrammet i 2017.
Tilretteleggje for etablering av attraktive næringsareal, og sjå dette i samanheng med store prosjekt som Johan Sverdrup utbygginga.
Bidra til at personar med ulik kulturell og/eller funksjonsmessig bakgrunn vert tilsett
Ha tett samarbeid med NAV og ulike næringslivsorganisasjonar i kommune.

**Helse og omsorg**
Behov for omsorg
Me vil at:
Kommunen skal ivareta oppgåvene i helse og omsorg på ein god måte og med høg kvalitet.
Austrheim skal ha gode resultat i velferdsstatistisk samanhang.
Helse og trivsel i lokalsamfunnet skal fremjast.
Kommune skal få ei berekraftig utvikling gjennom førebyggjande arbeid.

Dette vil me få til gjennom å:
Arbeida aktivt for å etablera koordinatorar mellom kommunen og brukarar, pårørande og frivillig sektor.
Arbeida for god samhandling mellom ulike delar av offentleg sektor.
Lehhje til rette for at eldre kan nytta låne og støtteordningar.
Ha eit tydeleg kommunalt tenestetilbod og ha klart definerte mål på kva nivå desse teneste skal ha.
Syta for at satsinga på pleie og helse går til førebyggjande tiltak og kvardagsrehabilitering.
Nytta velferdteknologi, og gjennom det etablera nye løysingar som gjev gode tenestetilbod og effektiv drift.

**Psykisk helse og rus**
Me vil at:
Det skal verta eit lågare tal ungdom med psykiske vanskar.
Det skal bli mindre bruk av vanedannande og beroligande medisinar.
Debutalderen for bruk av rusmiddel mellom unge skal hevast.
Kommunen skal ha god lokal innsats ovanfor personar med rusproblem.
Kommunen skal ha kontroll og retning på sals- og skjenkjepolitikken.

Dette vil me få til gjennom å:
Revidera og gjennomføra tiltaka i "Ruspolitisk handlingsplan Austrheim"
Halde fram med førebygging av rusmiddelavhengigheit gjennom regulering av sal og skjenking av alkohol.
Etablera program for rusførebygging i grunnskulen som inkluderer born og føresette.

Sikra høg kompetanse innan tenester for barn og unge og andre som er i ein sårbar livssituasjon.
Ha sterkt fokus på tiltak mot mobbing.
Oppretthalde og styrkje helsesystertenesta(Helse stasjon for ungdom).
Gje eit raskt og rett tilbod til personar med psykiske problem, etter kontakt med fastlege/kommunelege.
Ta med pårørande som ein ressurs i arbeidet når det gjeld personar med rusproblem eller psykisk liding.

**Livsstilssjukdomar**
Me vil at:
Det vert reduksjon i tidlig død som følgje av livsstilsrelaterte sjukdomar. Innan 2025 skal nedgangen vera minst 25% (jfr. WHO's mål).
Det vert reduksjon i bruken av spesialisthelsetenester.
Det vert reduksjon i overvekt.
Det vert betre utvikling enn landsgjennomsnittet i (mål i BMI) hjå born, unge og menn (på sesjon).

Dette vil me få til gjennom å:
Styrkje fokuset på fysisk aktivitet, kosthald og gode helsevanar i helsestasjon, barnehagar, skular og skulefritidsordninga.
Bidra aktivt til nedgang i bruk av tobakk.
Bidra til at livsstilsrelaterte sjukdomar vert oppdaga tidleg, og tilby heilskapleg rehabilitering og behandling.
Utvikle gode folkehelsetiltak i samarbeid med idrettslag og andre frivillige organisasjonar.
Legge til rette for god samhandling mellom primærhelsetenesta, NAV og spesialhelsetenesta.

**Folkehelse**
Me vil at:
Innbyggjarane skal oppleva at tiltak omkring trivnad og livskvalitet vert fremja.
Det vert auka fokus på etablering av gode universielt utforma sosial møtestader.
Kommunen er pådrivar og tilrettelegg for fysisk aktivitet for alle.
Negative effektar av forureining som trafikkstøy og luft/vassforureining vert dempa.
Inneklima vert sikra i forskrift om miljøretta helsevern.

Dette vil me få til gjennom å:
Sikre grøne område i gangavstand frå bustaområde (om lag 400m omkrins når alle aldersgrupper skal dekkast).
Tilretteleggje og gjera tilgjengeleg dei grøne områda.
Etablera og tilretteleggje sosiale møteplassar som til dømes aktivitetssenter for unge og gamle,parkar, turstiar og leikeplassar.
Støtte opp om kulturareaner som samfunnshus mfl..
Utarbeide « Gå og sykkelstrategi» for kommunen, for på den måten binde saman ulike møtestader.
Gjere avbøtande tiltak knytt til trafikkstøy og luftforureining på sentrale møtestader.
Sikra at alle skular og barnehagar i kommunen har godkjent arbeidsmiljø.

**Sosial ulikskap**
Me vil at:
Talet på ungdom som ikkje fullfører vidaregåande skule vert redusert.
Talet på personar med uføretrygd vert redusert.
Tal personar som mottek sosiale ytingar frå NAV, utanom alderspensjon, vert redusert.

Dette vil me få til gjennom å:
Syte for at tilsette legar, helsearbeidarar, barnehagetilsette, lærarar og andre som arbeider med barn, har naudsynt kompetanse.
Gje eit heilskapleg tilbod til alle som står i fare for å falle ut av utdanning eller arbeid. Ingen skal gå passiv.
Bruka heile kommunen sin kompetansebreidde i samband med integrering av flyktningar og innvandrarar.
Gjennom ulike tiltak syte for at flest mogeleg har eigen bustad.
Bruke NAV sine ressursar og nettverk i arbeidet mot fråfall i skule og arbeidsliv.
**Landskap, miljø og samfunnstryggleik**

Landskap og biologisk mangfald
Me vil at:
Kommunen skal motverke attgroing av opne landsakp gjennom aktiv landskapsforvaltning og effektive landbrukstiltak.
Kommune skal ha eit aktivt jord- og skogbruk der det ikkje kjem i konflikt med viktige lanskapsverdiar og biologisk mangfald.
Medvitet om dei lokale landskapsverdiane og det biologiske mangfaldet skal aukast.
Raudlista artar og naturtypar og deira leveområde skal vernast om så langt det er råd.

Dette vil me få til gjennom å:
Utarbeida kommunal tempoplan mot attgroing, med mål, strategiar og tiltak.
Prioritera rydding av uønskt vegetasjon i strandsona, skjergarden, i turområde og på ulike utsiktspunkt.
I samarbeid med skogbruket leggja til rette for aktivt skogbruk i prioriterte område, med klart skilje mot opne landskap.
I samarbeid med landbruket leggja til rette for aktiv lyngheiskjøtsel, med mellom anna mål om auka sauehald.
Vurdera diponering av LNF områda i kommuneplanens arealdel.
Leggje til rette for utnytting og forbetring av jordbruksareal.
Kartleggje og verne område som er truga i høve til det biologiske mangfaldet, i arealplanlegginga.
Støtte og søkja om tilskot til prosjekt som fremjar lyngheiskjøtsel og opne lanskapsverdiar.
Ha tett dialog med miljø- og ureiningsstyresmaktene.

**Miljø**

Me vil at:
Bruken av bil for personreiser vert redusert og stimulera til auka kollektivtrafikk.
Fokuset på fortetting i bustadbygging vert auka.
Kommunen stimulerer til tettstadutvikling med heilskapleg bu, arbeid og fritidstilbod.
Talet gåande og syklande aukar og det vert lagt til rette for det.
Utslepp frå kommunale kjørety vert redusert gjennom å velje miljøvenlege løysingar.
Miljømerka/sertifiserte varer og tenester vert prioritert ved innkjøp.
Ein sikrar tilgang til sjø utan at den maritime miljøbelastninga vert større enn naudsynt.
Kommunale verksemder arbeider for å verte godkjende miljøfyrtårn.

Dette vil me få til gjennom å:
Ha tilbod om ladepunkt og langtidsparkering i kollektivknutepunkt.
Sikre kollektivtilbod i samband med nye utbyggingar.
Utvide gang og sykkelvegnettet gjennom kommunen og starte reguleringsplanar for desse.

Kartleggje funksjonell strandsone, og syte for at tiltak og utbygging ikkje går ut over viktig natur eller ålmenta sine interesser.
Velje EL-bilar dersom det er teknologisk forsvarleg i høve til bruken.
Gjennomføra tiltaka i « Energi og Klimaplanen».

**Samfunnstryggleik og beredskap**
Me vil at:
Kommunen har relevant og oppdatert ”KommuneROS”
Kommunen har oppdaterte og fungerande beredskapsplanar for kommunen.
Vein er best mogeleg førebudd på ulike relevante hendingar som kan råka kommunen.

Dette vil me nå gjennom:
Revidera ”KommuneROS” for Austrheim kommune.
Syte for at ROS vert gjennomført i alle planprosessar (PBL).
Syte for at ROS vert gjennomført i alle kommunale verksemder.
Vedlikehalda beredskapsplanane.
Gjennomføra øvingar, opplæring og kompetanseheving av kriseleiing/leiing.
Gjennomføra avbøtande tiltak i høve til ”KommuneROS”

**Kommunal organisering og tenesteyting**

Kommunen som organisasjon
Me vil at:
Kommunen skal vera, og stå fram, som ein attraktiv arbeidsgjevar.
Kommunen skal ha tydeleg leiing og gode styringsreiskap.
Kommunen skal leggje vekt på nyskaping og utvikling og gje dei tilsette mogelegheiter og utfordringar.
Kommunen skal leggje vekt på etikk og lokale verdiar i møtet med innbyggjarar og andre.
Kommunen skal vera eit førebilete i høve til å fremje berekraft i balansen mellom arbeidsmiljø og kvalitet

Dette vil me få til gjennom å:
Ha jamnlege møte med arbeidstakarorganisasjonane om spørsmål som gjeld organisasjonsendringar, budsjett, tingingar m.m.
Gjennomføra tiltaka i ”Strategisk kompetanseplan 2015-2020”
Vidareføra arbeidet med systematisk HMT (Helse Miljø og Tryggleik) i organisasjonen.
Vera aktiv i moderniseringa (digitaliseringa) av kommunen sine forvaltningstenester.
Arbeida for eit godt omdømme som kan bidra til naudsynt rekruttering av kompetente tilsette
Kommunen som tenesteytar

**Kommunen som tenesteytar:**

Me vil at:
Kommunen skal dekkje innbyggjarane sitt behov for tenester gjennom god og effektiv organisering.
Kommunen skal syte for at viktige prioriteringar av tenester, og styring av tenester, vert utført gjennom dialog med innbyggjarane.
Der det er naturleg eller naudsynt, skal kommunen søkje samarbeid med nabokommunar/region, for å styrkje tenestetilbodet.

Dette vil me få til gjennom å:
Nytta modernisering og digitalisering til å skapa innovative løysningar for ein god dialog med innbyggjarane.
Ha eit tydeleg planhierarki og vidareføra/gjennomføra intensjonane i gjeldande Planstrategi.
Etablera tydelege rutinar i høve til "årshjul" for plan, tiltak og måloppnåing.
Ha tydelege og korte vegar for avgjerdsprosessar.
Revidera og oppdatera delegasjonsreglement.
Søkje offentleg og eller offentleg/privat samarbeid der det gjev positiv verknad for innbyggjarane i form av betre tenester.
Styrkje samarbeidet med lokale lag, organisasjonar og foreiningar.

**Hovudsatsingsområde**

<u>INFRASTRUKTUR</u>
Gang og sykkelveg, Veg, Vatn og avlaup, Internett

Me vil at:
Kommunen skal ha eit trygt og effektivt vegnett for alle trafikantar.
Prosentdelen av gåande og syklande skal aukast.
Kollektivdel i tråd med regionale mål skal aukast.
Kommunen skal ha tilstrekkeleg breidbandskapasitet til bustad og næring.
Komunen skal ha god dekning for mobiltelefon der det bur folk,langs med vegnettet og til utfartsstader i kommunen.
Kommunen skal planleggje for vidare utbygging og vedlikehald av kommunen sin infrastruktur innan vatn og avlaup.

Dette vil me få til gjennom å:
Vera pådrivar for utbygging av gang og sykkelveg langs hovudvegen gjennom kommunen.
Gjennomføra detaljreguleringsplan for gang og sykkelveg Mastrevik-Kilstaumen.
Vera pådrivar for utbygging av breiband og mobilnett.
Gjennomføra tiltaka i "Hovudplan Vatn og Avlaup"
Koordinera arealplanlegging med hovudplan for vass og avlaup.
Gjennomføra tiltak i trafikksikringsplan.

<u>TETTSTADUTVIKLING</u>
Gåstrategi, tenester i sentrum, tettstad, fortetting, knytning frå land og sjø, havsport, hotell/overnatting

Me vil at:
Talet innbyggarar i tettstader aukar og urbane kvalitetar vert fremja.
Kommunen skal ha ei styrt utvikling av dei to tettstadene i kommunen, med fokus på levande sentrum.
Området nære Mastrevik torg skal vera tydeleg kommunesenter og regionsenter nord i Nordhordland.
Lokalsenter i området Nordre Fonnesvåg til Mongstadkrysset/Litlås vert vidareutvikla.

Dette vil me få til gjennom å:
Gjennomføra områderegulering for Austrheim kommunesenter.
Vidareføra arbeidet med tettstadutvikling i "Austrheim heile Livet"
Gjennomføra tiltaka i « Budstadsosial handlingsplan 2013 – 2020» i høve sentrumsnære bustader tilpassa for eldre.

Kople områderegulering av Nordre Fonnesvåg med utbygging/regulering av områda vidare mot Mongstad.
Følgje målsettingane for planlegging av tettstadene i gjeldande planstrategi

NÆRINGSUTVIKLING
Næringsutvikling, Mongstad, Reiseliv/Havsport, Verkemiddelapparat

Me vil at:
Austrheim skal vere ein positiv kommune som gir utviklingsrom for både nye og eksisterande bedrifter.
Austrheim skal vere ein nasjonalt kjent og attraktiv turistdestinasjon som «hav- og kystkommune».
Austrheim skal vere nasjonalt kjend som senter for havsport.
Austrheim skal vidareutvikle og gjera nytta av industriutviklinga på Mongstad.

Dette vil me få til gjennom å:
Vera ein proaktiv og næringsvenleg kommune (fokus på vertskapsrollen).
Gjennomføra tiltaka i "Strategisk Næringsplan" (felles for Austrheim og Lindås kommunar)
Gjennomføra tiltaka i handlingsprogram 2014-2017 i "Strategisk næringsplan, med fokus på reiseliv og havsport 2014-2025" .
Ha fokus på lokale initiativ og regionalt samarbeid.
Detaljplanlegge og tilrettelegge nye næringsareal i samband med større prosjekt som til dømes Johan Sverdrup oljerørleidning.
Fremja offentleg-privat samarbeid